



# Årsrapport 2018

 BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

*Framsidedfoto: Bjørgvin bispedømme 950 år  
Frå Seljumannamesse og jubileumsgudsteneste på Selja, 8. juli 2018  
Foto: Magnus Skrede*

# Innhold

I: Tilstandsrapport .....	4
II Introduksjon til bispedømmet og hovudtal .....	6
Organisasjonsstruktur/organisasjonskart .....	7
2 A. Nøkkeltal for bispedømmet pr. 1. januar 2019.....	7
2 B. Volumtal 2014-2018.....	8
2 C. Nøkkeltal frå årsrekneskapen .....	8
III: Aktivitetar og resultat i 2018.....	9
3 A. Dei utvalde resultatmåla på nasjonalt nivå.....	9
3 B. Mål og resultat – nøkkelinikatorar .....	10
3. B. 0 Medlemsutvikling .....	10
3. B.0.1 Inn- og utmelding.....	11
3. B.1 Gudstenesteliv .....	11
3.B.1.1 Gudstenester.....	11
3.B.1.2 Vigsler.....	16
3.B.1.3 Gravferder .....	17
3.B.1.5 Kultur .....	17
3.B.1.6. Samisk språk i gudstenester .....	18
3.B.2 Dåp og trusopplæring .....	19
3.B.2.1. Dåp.....	19
3.B.2.2 Trusopplæring .....	21
3.B.2.3 Konfirmasjon .....	24
3.B.3 Kyrkje og samfunn .....	25
3.B.3.1. Diakoni.....	25
3.B.3.2 Inkluderande kyrkjeliv .....	26
3.B.3.3. Trus- og livssynsdialog .....	26
3.B.3.4 Vern om skaparverket – grønne kyrkjelydar.....	26
3.B.3.5 Misjon .....	26
3.B.3.6 Kommunikasjon og samfunnskontakt.....	27
3.B.4. Rekruttering, frivillig teneste og prestedekning .....	29
3.B.4.1 Vigslingar.....	31
3.B.4.2 Frivillig teneste .....	31
3.B.4.3 Presteteneste.....	31
3.C. Oppdrag frå Kyrkjerådet .....	33
3.C.1 Samarbeid mellom kyrkje og skule.....	33

3.C.2 Barne- og ungdomsarbeid .....	34
3.D. Mål på område innanfor biskopens verksemd.....	36
3.D.1 I biskopens søkelys .....	36
3.D.2 Biskopens og bispedømerådet si forvaltning av saker knytt til kyrkjelov og gravferdslov	37
IV: Styring og kontroll i verksemda .....	38
Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll .....	38
4.A. HMS/Arbeidsmiljø.....	39
4.A.1 Sjukefråvær .....	39
4.A.2 Arbeidsmiljø .....	39
4.A.2.1 Arbeidsvilkår .....	40
Retreatarbeid .....	40
Arbeidsretteiing (ABV).....	41
4.A.2.2 Lokale tilhøve og utfordringar .....	41
4.A.2.3. Rutinar for intern varsling av kritikkverdige forhold.....	42
4.B. Likestilling.....	42
4.C Vurdering av mislighetsrisiko .....	44
V: Vurdering av framtidsutsikter .....	45
VI: Årsrekneskapen.....	50
6. 1 Leiingskommentarar .....	50
Vedlegg.....	52

# I: Tilstandsrapport

---

Björgvin bispedøme feira 950 års jubileum i 2018. Dette vart markert med ei festgudstenest på Selja der også H.M. Dronning Sonja deltok.

Det er inspirerende å sjå dei lange linjene og samstundes å gle seg over alt det gode arbeidet som skjer i kyrkjelydane i bispedømet.

Vi har tru på dei gode møta og dei små skritta som samla skaper endring. Det har vore arbeidd systematisk med å auke kvaliteten i alle ledd, både inn mot gudstenester, trusopplæring, kultur og diakoni. Dette har òg gitt gode ringverknader inn mot arbeidsmiljøet, slik det er målt i presteskapat. Vi har tru på at dette lagar gode forteljingar omkring ulike tiltak og om kyrkja i det heile. Det er samstundes naudsynt å sjå at på nokre områder trengs det meir drastiske tiltak. Det er for få som torer å tenkje radikalt nytt, omprioritere ressursar og sjå radikalt på arbeidsmetodane sine. Björgvin bispedøme har difor tatt nokre grep for styrke og bygge innovasjonskompetanse.

I fleire sokn som driv godt ungdomsarbeid har bispedømet arbeidd fram prestestillingar i kombinasjon med lokal finansiering. Målet er å styrke ungdomssatsinga for heile bispedømet ved å ha nokre sterke fagmiljø. Det har over år vore satsa på Ung katedral, og ein har frå 2018 starta ei vidareutvikling av dette arbeidet. Det er arbeidd systematisk med utviklingsarbeid, og med å skape arenaer for kompetanseutveksling og samhandling mellom sokna. Dette handlar om å skape kultur for å vere ein lærande organisasjon. Samordna leiing, og heilskaplege strategiar lokalt, vil vere viktig for å styrke kyrkjelydane si evne til å møte utfordringane. Særleg gjeld dette områda rekruttering og ungdomsarbeid. Her har bispedømet valt å ta ei aktiv rolle, ved å prioritera ressursar og ta risiko.

Björgvin bispedømeråd har hatt stram og god styring på ressursbruken gjennom heile 2018. Økonomien er i balanse, med eit mindreforbruk grunna usikker rekruttering. Vi har lyst ut mange ledige prestestillingar, men med få eller ingen søkjarar. Det har vore ei utfordring å ha kapasitet til å handtera dette i periodar. Samstundes har ein hatt gåande ein krevjande prosess for å effektivisera drifta av delar av administrasjonen. For Björgvin sin del har vi hatt ein svært effektiv administrasjon over år, samstundes med at vi har eit stort bispedøme med mange tilsette og mange sokn å betene. Det gode arbeidet som kvar veke blir lagt ned av frivillige og tilsette i kyrkjelydane er kjernen i korleis kyrkja blir opplevd i dei einskilde lokalsamfunna. Björgvin bispedømeråd har ut frå sine ressursar forsøkt å understøtte dette på ein best mogleg måte.

Vår vurdering er at vi langt på veg har nådd realistiske resultat ut frå måla vi sette oss for 2018. Det er stor innsats i kyrkjelydane rundt gudstenester, trusopplæring, diakoni og konfirmasjon. Det verkar at god strategi for involvering, samspel mellom ulike aktørar og systematisk arbeid med kvalitet i alle ledd, er avgjerande for gode resultat over tid. Det er også tydeleg at det må leggjast inn meir innsats for å samle folk no enn tidlegare, både til kyrkjelege tilbod og tilbod generelt. Når ein skal vurdere grunnar til at det likevel lukkast i nokre kyrkjelydar, kan det både peikast på godt HR-arbeid, godt samarbeid lokalt og gode faglege grep. Difor vil vi arbeide vidare langs same spor, med vekt på ulike tiltak for å auke kvalitet og kompetanse i førstelinja.

Systematisk arbeid med basisfunksjonane i personalarbeidet er eit viktig element i ein kvar organisasjon. Ved å redusere faktorar som tek energi frå hovudoppgåvene, reduserer ein risiko for å ikkje nå måla. Kvaliteten i møta med folk er vesentleg for å nå kvantitative mål på alle område. Vi har

tru på at endring og utvikling skjer gjennom dei systematiske, små stega, understøtta av nokre større satsingar som gjev løft og inspirasjon for heile organisasjonen.

Samla sett viser resultatane frå 2018 at kyrkja står sterkt i Bjørgvin bispedøme. Det er brei oppslutning om folkekyrkja, med sterke, lokale kyrkjelydar. Det blir gjort svært mykje godt arbeid i alle ledd av det kyrkjelege arbeidet rundt om i heile bispedømmet. Det er stor innsats, høg motivasjon og god kompetanse både hos tilsette og frivillige. Saman vil vi ære den treieinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.

Bergen, 7. mars 2019

  
Inger Helene T. Nordeide  
bispedømerådsleiar

  
Halvor Nordhaug  
biskop

## II Introduksjon til bispedømet og hovudtal

---

Björgvin bispedøme er del av det nasjonale rettssubjektet Den norske kyrkja og rapporterer til Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet

Björgvin bispestol var frå fyrst av knytt til Selja, og 950 års-jubileet vart markert i 2018. Björgvin bispedøme er eit av 11 bispedøme i Noreg. Bispedømerådet har 10 medlemmer som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet. Biskopane utgjer til saman Bispemøtet.

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømerådet følgjer mellom anna av Kyrkjelova, Gravferdslova, Tenesteordning for biskop, økonomi- og verksemdsinstruksen og tildelingsbrevet frå kyrkjerådet.

Bispedømet blir leia av to organ – biskopen og bispedømerådet med felles administrasjon i Bergen.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal òg fremje samarbeid mellom dei enkelte sokneråd og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar, studentprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret.

Biskopen leiar prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet og årsplan for Björgvin bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Björgvin bispedøme er «Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd».

Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Desse områda er mest synlege:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Kyrkjemusikk og kultur
- Misjon
- Diakoni

Björgvin bispedømeråd har som mål å ha medarbeidarar som har glede i tenesta, med gode rammer og høg kompetanse. Björgvin bispedømeråd ønskjer å vere ei tydeleg folkekyrkje både i byar, tettstadar og griskrendte strok av bispedømet.


I Björgvin bispedøme er det 182 sokn med tilhøyrande sokneråd. Det er 59 kommunar, med 58 tilhøyrande kyrkjeleg fellelråd. Bispedømet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

Bispedømerådet er tilsettingsorgan, biskopen leier prestetenesta. I bispedømet er det 11 prosti som kvar for seg er tenesteområde for prestane. Dei andre kyrkjelege tilsette har i hovudsak fellelrådet som arbeidsgjevar.

I Bjørgvin bispedøme er det pr. 31.12.18 tilsett 164 prestar og prostar i 164 årsverk. Ved bispedømekontoret er det tilsett 16 personar i 16 årsverk. Desse har bispedømerådet som arbeidsgjevar. 2,5 presteårsverk og 1,1 årsverk i administrasjonen er finansiert av eksterne midlar.

Bjørgvin bispedøme er geografisk samanfallande med fylka Hordaland og Sogn og Fjordane med til saman 634 269 innbyggjarar. Bergen er den største byen, med 279 792 innbyggjarar. Bjørgvin er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemmer av Den norske kyrkja er høgast. 73 prosent<sup>1</sup> er kyrkjemedlemmer i Bjørgvin mot 71 prosent i snitt for heile landet.

### Organisasjonsstruktur/organisasjonskart



## 2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 1. januar 2019

Prosti	Sokn	Medlemmer i DNK (inkl. tilhøyrande)	Innbyggjartal
11	182	477 662	634269
Nordfjord	26	26 805	32728
Sunnfjord	17	37299	45076
Sogn	26	23989	28 828
Nordhordland	19	30316	37722
Vesthordland	11	53077	67392
Åsane	11	52927	*319187
Bergen domprosti	6	46427	
Bergensdalen	9	47575	
Fana	7	75096	
Hardanger og Voss	27	35754	43645
Sunnhordland	23	48397	59717

<sup>1</sup> Dersom vi reknar med «tilhøyrande», dvs. udøpte born av medlemmer, er 75,3 % knytte til kyrkja

\* Samla tal for prostia i Bergen, inkl. Austevoll, Os, Fusa og Osterøy



## 2 B. Volumtal 2014-2018

	2014	2015	2016*	2017	2018 # **
<b>Dåpshandlingar</b>	4945 (NSD)	4928(NSD)	4789 (NSD)	4435 (MR) 4448 (NSD)	4108 **
<b>Døypete</b>	4945	4928	4674	4355	4004 **
<b>Konfirmerte</b>	5748	5 872	5488	5247	5220 #
<b>Kyrkjelege vigslar</b>	967	1 026	900	885	847 #
<b>Kyrkjelege gravferder</b>	4394	4 400	4263	4190	4258 #
<b>Gudstenester totalt</b>	8525	8 469	8362	8253	8374 #
<b>Gudstenestedeltakarar totalt</b>	803362	783 209	778228	744374	734832 #

Alle tal er kvalitetssikra tal når det ikkje står noko anna. NSD er tal frå Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste og MR er Medlemsregisteret formidla via Kyrkjerådet.

\* Korrigert for feil tal i Olsvik 2016

\*\* Dåpstala i Medlemsregisteret (MR) er for låge på grunn av etterregistreringar, i følgje Kyrkjerådet

# Førebels tal frå SSB alle sokn. Endelege tal kjem i juni 2019

## 2 C. Nøkkeltal frå årsrekneskapen

	2016	2017	2018
<b>Tal årsverk</b>	176,8	165,8	179
<b>- del av dette som er presteneste</b>	162,6	152,15	163
<b>Samla tildeling budsjettgr. 1A 1)</b>	144.150 000	161.649.000	148.444.000
<b>Utnyttingsgrad budsjettgr. 1A</b>	101,4 %		
<b>Løns- og driftsutgifter</b>	146.116 770	161.554.000	148.341.000
<b>Del løn av driftsutgifter</b>	90,6 %	91,7%	91,1%
<b>Del løn brukt i prestenesta 2)</b>	120.352.142	136.646.769	124.346.000
<b>Lønsutgifter per årsverk</b>	748.585	843.499	762.858.000

1) Tildelinga er lågare enn i 2017 på grunn av at pensjonskostnad ikkje var inkludert. Denne vart i 2018 tatt sentralt.

2) Bjørgvin har 6,75 årsverk i pensjonistløn, ref statistikkheftet tabell 4.5. I tillegg har vi 3,5 årsverk finansiert ved avtaler.

# III: Aktivitetar og resultat i 2018

## 3 A. Dei utvalde resultatmåla på nasjonalt nivå

Strategiske mål	Resultatmål	Resultat 2018	
<b>1. Gudstenestelivet blømer</b>	Oppslutninga om gudstenestene aukar	Gjennomsnitt søndag går ned frå 92,5 til 91. (Men 49% av kyrkjelydane har auke i oppslutninga)	↓
	Gudstenestetilbodet vert halde oppe	Talet på gudstenester går opp frå 8233 til 8374	↑
	Fleire vel kyrkjeleg vigsel	Nedgang frå 882 til 847	↓
	Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe	Kyrkjeleg gravferd i prosent av talet på døde gjekk svakt ned frå 90,2 til 90,1	↓
	Kyrkja gjev rom for ulike kunst- og kulturuttrykk	Det er ein nedgang i konsertar og kulturarr. frå 2035 til 1852	↓
<b>2. Fleire søker dåp og trusopplæring</b>	Oppslutninga om dåp aukar	Ned frå 80,4 til 79,4 prosent av døypte 1-åringar som er born av medlemmer,	↓
	Omfanget av trusopplæringstilbodet aukar	Snitt timetilbod i kyrkjelydane har gått opp frå 214 til 223,3 timar.	↑
	Oppslutninga om trusopplæringa aukar	Ned frå 49 % til 48 %.	↓
	Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe	Auke frå 89 % til 90 % av døypte 15. åringar som blir konfirmerte	↑
<b>3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet</b>	Fleire kyrkjelydar utviklar plan for diakoni	Talet på innrapporterte diakoniplaner har auka frå 102 til 108	↑
	Kyrkja blir meir tilgjengeleg på Internett	Fleire økter og brukarar på Internett, og følgjarar på facebook	↑
	Fleire kyrkjelydar vert grøne kyrkjelydar	Talet på grøne kyrkjelydar har auka frå 27 til 34	↑
	Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon	Det er ein nedgang frå 131 til 142 til 138 kyrkjelydar som har misjonsavtale	↓
<b>4. Fleire får lyst til å jobbe i kyrkja</b>	Rekrutteringa til vigsla stillingar blir styrka	Sju ordinasjonar, fem prestar, ein diakon og ein kantor	↑
	Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja	Tal på frivillige går ned frå 12732 til 12386	↓

## 3 B. Mål og resultat – nøkkelindikatorar

### 3. B. 0 Medlemsutvikling


Bjørgvin bispedøme har i sitt arbeid med strategiplan og årsplan for perioden 2018-2020 tatt inn eit kvalitetsmål før ein går til dei ulike resultatmåla. Målet er at folk skal oppleve gode møte med kyrkja. Kvalitet er vanskeleg å måla, men medlemsutviklinga kan vera ein indikator på folk si haldning til kyrkja og på kyrkja sin posisjon i samfunnet. I 2018 er utviklinga som venta. Medlemstalet har gått ned med 0,5 % og utmeldingstalet utgjør 0,3%.

Prosti 2018 (2017-tal i parantes)	Inn- melde	Utmelde	Utmeld. i forhold til medlem		Medlemer 31.12.17	Medlemer 31.12.18	Prosentvis endring i medlemstal 2016-2017	Prosentvis endring i medlemstal 2017-2018
			2017	2018				
<b>Bjørgvin bispedøme</b>	218 (241)	1515 (2030)	0,4	0,3	465308	463089	-0,4	-0,5
<b>Domprostiet</b>	31 (50)	271 (421)	0,7	0,6	60879	44535	-0,9	-0,5
<b>Bergensdalen</b>	35	238				45488		
<b>Fana</b>	35 (59)	229 (435)	0,4	0,3	98724	68980	-0,3	
<b>Åsane</b>	14 (23)	185 (205)	0,4	0,4	51465	50988	-0,4	
<b>Sunnhordland</b>	26 (12)	111 (189)	0,4	0,2	47614	47514	-0,5	-0,2
<b>Hardanger og Voss</b>	16 (16)	99 (153)	0,4	0,3	38702	38259	-1,1	-1,1
<b>Nordhordland</b>	8 (16)	76 (135)	0,5	0,3	29605	29490	-0,3	-0,4
<b>Sogn</b>	7 (9)	32 (46)	0,2	0,1	23711	23570	-0,6	-0,6
<b>Sunnfjord</b>	14 (20)	68 (99)	0,3	0,2	37004	36685	-0,2	-0,9
<b>Nordfjord</b>	9 (6)	57 (84)	0,3	0,2	26576	26340	-0,7	-0,9
<b>Vesthordland</b>	25 (2)	149 (263)	0,5	0,3	51028	51240	0,4	0,4

I alle prosti er det ein nedgang i utmelde både i tal og i forhold til folketal. Det er ikkje tydeleg skilje mellom by og land. Folkesetnadsmønsteret viser seg i medlemsutviklinga. Vesthordland som er eit vekstområde har auke i medlemstalet på grunn av innflytting medan Sunnfjord og Nordfjord har større nedgang enn utmeldingstalet skulle tilseia, noko som betyr at nedgangen i medlemstal kjem frå utflytting og at ein generasjon med høg medlemsprosent dør.

Utviklinga i Bergen by har tidlegare vist at utmeldingstalet var størst i Domprostiet, altså Bergen sentrum. Sidan det vart eit ekstra prosti i oktober 2017 og to av dei andre vart mindre er det ikkje samanliknbare tal for Bergen, men for alle byprostita er den prosentvise endringa i medlemstalet er ein halv prosent nedgang, det same som bispedømet.

### 3. B.0.1 Inn- og utmelding



Tendensen med nedgang i både inn- og utmeldingstala frå 2017 held seg. 218 melde seg inn mot 241 i 2017 og 298 i toppåret 2016. 1515 melde seg ut mot 2030 i 2017 og 4952 i toppåret 2016. Vi vurderer dette som ei normalisering av utviklinga etter 2016 då det både vart vedtatt vigselsturgi for likekjønna par som var kontroversiell og det vart teknisk mogeleg med inn- og utmelding på nettet.

## 3. B.1 Gudstenesteliv

**Delmål: DNK skal ha ei oppslutning som stadfestar karakteren av å vera folkekyrkje**

### 3.B.1.1 Gudstenester


**Strategisk mål: Gudstenestelivet blømer**

**Resultatmål: Oppslutninga om gudstenestene aukar**

#### *Indikator 1: Gudstenestedeltaking*

Bjørgvin er det bispedømet i landet som har flest gudstenester og som samlar flest til gudstenest både på sundag og totalt, nesten 100 000 fleire enn nr to. Det er sjølvsagt fordi Bjørgvin er størst. Vi ser òg at kyrkjene i Bergen by trass nedgang samlar i gjennomsnitt 101 per gudsteneste mot 87 utanfor byen. Totalt sett går gudstenestebesøket nedover, og Bjørgvin som tidlegare har ligge høgare enn det nasjonale gjennomsnitt, ligg no berre litt over med 92,4 mot 90,5.

## Gjennomsnitt sun- og helgedagar




Prosti	2017 Sun & h. gudst	2018 Sun & h. gudst	Prosentvis endring	2017 alle gudst	2018 alle gudst	Prosentvis endring
Bjørgvin bispedøme	596696	583734	-2,2	744375	734832	-1,3
Bergen (Domprostiet, Fana, Åsane, Bergensdalen)	213872	204209	-4,5	276377	269742	-2,4
Sunnhordland prosti	80103	84036	4,9	99798	101407	1,6
Nordhordland prosti	45520	42060	-7,6	55413	54654	-1,4
Hardanger og Voss prosti	57029	54960	-3,6	66076	66518	0,7
Sogn prosti	36579	35096	-4,1	42830	41120	-4,0
Sunnfjord prosti	58848	55708	-5,3	69555	68680	-1,3
Nordfjord prosti	50129	50029	-0,2	61455	59794	-2,7
Vesthordland prosti	54616	57636	5,5	72871	72917	0,1

### Auke i gudstenestebesøk i 49% av kyrkjelydane

89 av 182 sokn hadde auka oppslutning om gudstenestene frå 2017 til 2018. Når vi går inn i statistikken og ser på dei einsslede sokna er det vanskeleg å finna sikre fellestrekk. Det er flest små

sokn og fleire av dei har fått ny prest. Ein kan dra den konklusjonen at periodar med vakansar og vikarar går ut over gudstenestebesøket og at fornyinga som kjem med ein ny prest gjer at ein kanskje når fleire. Det er også slik at i små sokn gjer konfirmantkullet og talet på dåp og særskilte hendingar som jubileum eit større prosentvis utslag enn i store kyrkjelydar. Men det er også by-kyrkjelydar som opplever auka deltaking og som vi veit har gjort ein innsats t.d. ved at dei har program for kyrkjelydsutvikling.



### Ulik utvikling i og utanfor byen

I Bjørgvin er det skilnad på utviklinga i Bergen og områda rundt. Medan Bergen har ein nedgang på sun- og helgedagar på 4,5 % og har hatt ei jamn liten nedgang dei siste 5 åra, sjå tabellen nedanfor, har prostia utanfor byen hatt ei mykje meir stabil utvikling. Ein kan tenka seg at det skuldast at Bergen har fleire alternativ å velja mellom for dei som ynskjer å gå til gudsteneste. Men to av dei prostia der det dei siste åra er etablert alternative bedehusfelleskap, Sunnhordland og Vesthordland har ein auke i oppmøte på sundag på 4,9% og 5,5 %. Og den største byen i Sogn og Fjordane, Førde har ein auke i det totale gudstenestebesøket sjølv om det er ein nedgang på sun- og helgedagar.

## Kyrkjevanane endrar seg over tid

	1998	2008	2013	2014	2015	2016*	2017	2018
<b>Gj. snitt søndag</b>	103,5	100,1	99,9	99,4	98,6	96,3	92,6	91,0
<b>Gj. snitt alle gudst</b>	97,4	89,8	94,4	94,2	92,5	93,1	90,2	87,8

*\*korrigert for feil tal i Olsvik i 2016, så det er høgare enn SSB-talet*

Gjennomsnittleg samlar søndagsgudstenestene 91 personar, det er eit godt tal, men for 20 år sidan var det 103, og for 10 år sidan var det 100. Det skjer ein sakte, umerkeleg nedgang, og statistikken viser at det har akselerert dei siste åra både i Bjørgvin og i landet samla. Det er ikkje urimeleg at dette har samband med kva aldersgrupper gudstenesta når.

Grunnane til nedgangen er ikkje eintydige, og det er mykje som tydar på at talet på personar som går til gudsteneste ikkje minkar tilsvarande. I samtale med prostane er det kome fram to tydelege tendensar: Endring av kyrkjevanar og nedgang i dåp.

Fleire ting bidrar til at kyrkjevanane endrar seg. Det mest opplagte er at generasjonen av trufaste vanekyrkjegjengarar døyrt ut og dei som kjem kvar søndag vert færre. For mange av dei som går er gudstenesta meir eit prosjekt enn ein vane og ein spør «kva skjer og kva får eg ut av det?» Det verkemiddel som kyrkja har brukt mest energi på dei siste åra er å venda tilbake til ein tradisjonell gjenkjenneleg liturgi. Dette betyr nok mest for dei som går av vane og tradisjon og som alt er sosialisert inn i tradisjonen. Prostar melder tilbake at godt arbeid med kvaliteten i gudstenesta synest å vera det beste grepet for å få folk til gudsteneste. Det er òg ein tendens til at ein del av nedgangen søndag vert fanga opp av ein auke på andre gudstenester. Dette tyder på at sundagen som heilagdag ikkje har den same posisjon blant kyrkjefolk som før. Difor vil det i mange kyrkjer i byane, særleg i arbeidskyrkjer vera mange som brukar kyrkja, men som ikkje er der på søndag. Ein bør difor få ein betre statistikk på «kyrkjebrukarar».

Den andre store tendensen er at mykje av nedgangen i gudstenestebesøk ser ut til å henga saman med nedgang i konfirmanttal og dåpstal. Erfaringsmessig er kvart dåpsfølgje på rundt 20 personar og det vises godt i statistikken om desse ikkje kjem. Tidlegare gjorde høge dåpstal at tendensen med færre vanegjengarar delvis var skjult

Av desse tendensane kan ein dra to konklusjonar. Ein må ved sida av den tradisjonelle høgmesse, som framleis bør vera den vanlegaste gudstenesta, oppfordra til og leggja til rette for andre typar gudsteneste som tar sikte på å nå særskilde grupper med annan musikk og liturgi. Dei som ikkje er sosialisert inn i høgmesse, t.d. ungdom, unge vaksne eller familiar, bør ha gudstenester retta mot seg, gjerne så ofte som kvar andre eller fjerde gudsteneste. Dåp må få merksemd, særleg informasjon om dåp og forkynning av dåp for konfirmantar og ein samtale i stab og sokneråd om korleis en kan bidra til gode dåpsopplevingar for dei som ber barnet sitt til dåpen.


## Nattverd

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
<b>Gudstenester med nattverd</b>	4399	4277	4229	4417	4388	4485
<b>Nattverdsdeltakarar</b>	160586	156209	157308	159950	158303	157086
<b>Gj.snitt nattverddeltaking</b>	36,5	36,5	37,2	36,2	36,1	35,0

Det er stabil nattverddeltaking med noko færre enn i fjor. Nattverdtalet vil på ein annan måte enn gudstenedeltaking spegla den kyrkjeaktive kjernen. Samtidig veit vi at det er blitt meir vanleg med nattverd også på gudstenester som samlar mykje folk og på trusopplæringsgudstenester, så det er også ein indikasjon på at terskelen for å gå til nattverd er lågare.

### Resultatmål: Gudstenedetilbodet vert halde oppe

#### Indikator 2: Gudstenedestefrekvens sun- og helgedagar



	2013	2014	2015	2016	2017	2018#
<b>Tal gudstenedester søndag</b>	6856	6598	6461	6484	6446	6418
<b>Gudstenedester andre dagar</b>	2107	1926	2008	1878	1806	1956

#Tala i denne tabellen er justert i forhold til offisielle tal frå SSB/NSD, det viser seg at dei førebelskala som vart bruka tidlegare år alle er lågare enn det endelege talet.. For 2018 er det førebels tal frå SSB alle sokn, og endelege tal kjem i juni 2018.

Talet på gudstenedester søndag går litt ned, men så lite at det er innanfor årsvariasjonane i talet på gudstenededagar og det som SSB korrigerer. Vi reknar det for stabilt.



Talet på gudstenester utanom søndag som dei siste åra har gått ned, går no litt oppover, men dette talet er meir utsett for svingingar i lokal aktivitet og er også relativt stabilt. I dette ligg det truleg ein kombinasjon av variasjon i lokale initiativ til kvardagsgudstenester og variasjon i korleis gudstenester på nokre høgtidsdagar vert prioritert.

Gudstenestefrekvensen er på 56,9% og har vore stabil dei siste åra og reflekterer at Bjørgvin har mange sokn og få kyrkjer utanom byane som har gudsteneste kvar søndag.

Det er positivt at ein i eit år med vakansar i mange stillingar likevel held oppe talet på gudstenester på søndag på nesten same nivå som i 2015 og 2016. Det var ein nedgang frå 2014 til 2015, men det har stabilisert seg på eit nytt nivå etter at biskopen har sett i gang arbeid med nye forordningar i prosti som hadde fått endra grenser og/eller bemanning og samstundes justert ressursane etter budsjettet.

Proessen med ny forordning og justering av gudstenestetalet går vidare nokre prosti om gongen. På sikt kan det gå ytterlegare ned fordi ein i nokre prosti har redusert gudstenestetalet i samsvar med redusert bemanning av budsjettmessige årsaker. Det vart i 2018 som i 2017 brukt meir vikarmidlar framfor faste årsverk, det er truleg årsaken til at ein ikkje har fått større reduksjon av gudstenester.

### 3.B.1.2 Vigsler

#### Resultatmål: Fleire vel kyrkjeleg vigsel

##### Indikator 3: Talet på kyrkjelege vigsler

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal kyrkjelege vigsler	1002	967	1033	900	882	847

Ikkje sidan 1994 har det blitt inngått så få ekteskap totalt i Noreg som i 2018, det var seks prosent færre enn i 2017, og ekteskapstala har gått ned nesten kvart år dei siste ti åra (kjelde forskning.no). Tala for kyrkjeleg vigsel i Bjørgvin viser fire prosent færre enn i 2017, og ein ligg difor betre an enn landstrenden. Det er vanskeleg å seia noko om årsaken til at trenden i Bjørgvin er meir positiv, men den største endringa dei siste åra er at Bjørgvin biskop har opna for større fleksibilitet i val av vigselsstader og gjeve prest og prost ansvar for å godkjenna stader utan om kyrkja. Det har truleg ført til færre avslag.

Det kan også tenkjast at nedgang i vigsel i nokon grad heng saman med nedgang i dåp. Bjørgvin sin nedgang i siste år følgjer om lag landssnittet. I årsplan for 2018-2020 vil vi ha tiltak for å sikre kvalitetsløft på kommunikasjon i og rundt kyrkjelege handlingar. Tanken er at det viktig med jamleg fornying også på dette området. Det betyr også å løfte fram og drøfte utviklingstrekk og nye forventingar rundt vigsler. Både lokalt og regionalt må ein arbeide med merksemd rundt god informasjon på nettsider, tilgjenge og synleggjing av alt det positive ved vigsel i kyrkja.

### 3.B.1.3 Gravferder

#### Resultatmål: Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe

##### Indikator 4: Del kyrkjelege gravferder av talet på døde

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
<b>Tal kyrkjelege gravferder</b>	4474	4395	4400	4263	4185	4258
<b>Prosent kyrkjeleg gravferd av døde</b>	93,0	93,5	91,8	88,6	90,2	90,1

Over ein femårs-periode er det nedgang på 2,8 prosent. Det er viktig å sikra at dei som vel bort kyrkjeleg gravferd, ikkje gjer det av årsakar som skuldast dårleg handsaming frå kyrkjeleg hald. Difor vil Bjørgvin bispedøme, som nemnt over, ha tiltak som sikrar fornying og kvalitet i og rundt kyrkjelege handlingar, også gravferder.

### 3.B.1.5 Kultur

#### Resultatmål 5: Kyrkja gjev rom for ulike kunst- og kulturuttrykk

##### Indikator 5: Tal på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene \*

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Total
<b>2018</b>	911	552	283	106	1852
<b>2017</b>	1108	534	288	105	2035
<b>2016</b>	820	575	290	124	1809
<b>2015</b>	876	518	199	60	1653

\*Førebels tal SSB

Vi finn ein markant nedgang i konsertar i eigen regi, og ei lita auke i konsertar i regi av andre. Kyrkjelydane var sjølve aktive bidragsytarar til markeringar i Reformasjonsjubileet 2017, noko som kan forklara noko av nedgangen i 2018. Talet på kulturarrangement i eigen regi held seg stabilt.

#### Delmål: Fleire deltakarar på konsertar og kulturarrangement

##### Indikator 6: Deltakarar på konsertar og kulturarrangement\*

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Total
<b>2018</b>	83340	93970	26792	8511	212613
<b>2017</b>					214781

Konsertar i eigen regi har i gjennomsnitt 91 deltakarar, mens konsertar i regi av andre har ca 170 publikummarar. Vi reknar med at julekonsertane i kyrkjene spelar inn her.

Kulturarrangement i eigen regi har i gjennomsnitt 95 deltakarar, mens arr. i regi av andre samlar i gjennomsnitt 80 deltakarar. Dette er alt i alt positive tal.

Hordaland teater samarbeidde med sokneråd i fylket om kyrkje-framsyninga Babettes Gjestebod, som fekk gode kritikkar og vart svært godt motteken.

## **Delmål: Fleire opne kyrkjer**

### *Indikator 7: Opne kyrkjer*

Vi finn i kyrkjemøtet sitt vedtak 11/18 punkt 13. Åpne kirker og pilegrimsarbeid: «Kirkemøtet ser at åpne og tilgjengelige kirkerom er viktig både for lokalsamfunnet og mennesker på reise. Kirkemøtet oppfordrer menighetene til å samarbeide med hverandre og relevante samarbeidspartnere for å sørge for flere åpne kirker. Særlig er dette viktig langs pilegrimsledene.»

I Bjørgvin var 59 kyrkjer opne til saman 3343 dagar og 9 vegkyrkjer var opne 538 dagar.

Det finst gode døme på samspel mellom friviljuge i soknet som finn glede i å etablere arbeidslag som held kyrkja open i sesongen. Det er særst verdifullt når kyrkja no lovar å være ein aktiv leverandør til ein aukande pilegrimsaktivitet.

### **Kystpilegrimsleia si opningsferd – Innvigd på Selja**

Kyrkja er ein sentral bidragsytar i arbeidet med å restaurere og ta i bruk den historiske kystpilegrimsleia frå Eigersund til Nidaros. Fylkeskommunar, Riksantikvaren og kyrkja har sidan 2014 samarbeida tett med reiselivsnæringa for å sikre kvalitet på tilbodet til turistar og lokalbefolkning. Kyrkja er innhaldsleverandør og legg til r

Leia er no godkjend som nasjonal pilegrimsveg og europeisk kulturveg. I Bjørgvin var det opningsmarkeringar på Moster, Halsnøy, i Bergen, på Kinn og på Selja. H.M. Dronning Sonja innvigde leia under bispesetejubileet på Selja.

Stiftinga Kystsogevekene arbeider for å styrkje identiteten i kystdistrikta og å skape kultur- og reiselivsopplevingar knytt til kysten. Dei inviterte kyrkja i Bjørgvin til start av eit langsiktig samarbeid om «Sjøveis kyrkjereis» - frakte kyrkjefolk i historiske båtar til gudsteneste.

### **3.B.1.6. Samisk språk i gudstenester**

## **Resultatmål 6: Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet**

### *Indikator 6: Tal på kyrkjelydar som inkluderer samisk språk i lokal gudstenesteordning*

I 2018 var det 6 kyrkjelydar som hadde samiske innslag, mot 3 i 2017 og 4 i 2016. Bortsett frå Bergen domkirke er dette ulike kyrkjelydar kvart år, noko som tyder på at dette er spesielle tilfelle, t.d. dåp i samisk familie, og ikkje ein innarbeid praksis. Dette vurderer vi som eit normalt nivå i eit bispedøme med få samar, samtidig som det viser at kyrkjelydane er opne for å inkludera det samiske når det er aktuelt lokalt. Det var i 2018 ei samisk gudsteneste 3. sundag i advent klokka 11 i Mariakirken i Bergen med prest for nordsamer Karl Yngve Bergkåsa som samla 18 deltakarar. Det var planlagt to, men vårens gudsteneste vart avlyst p.g.a. problem med å få samisktalande prest.

## 3.B.2 Dåp og trusopplæring

**Strategisk mål: Fleire søker dåp og trusopplæring**

### 3.B.2.1. Dåp

**Resultatmål: Oppslutninga om dåp aukar**

Dåpshandlingar fordelt på prostia (kvalitetssikra tal frå SSB/NSD)	2015	2016	2017	2018 *	Endring 2016-17	Prosentvis endring
Bjørgvin bispedøme	4946	4809	4448		- 361	-7,5
Bergen domprosti	498	548	475		- 73	-13,3
Fana prosti	1000	1006	834		- 172	-17,7
Åsane prosti	465	446	423		- 23	-5,2
Sunnhordland prosti	582	573	557		- 16	-2,8
Nordhordland prosti	385	338	317		- 21	-6,2
Hardanger og Voss prosti	467	402	378		- 24	-6,0
Sogn prosti	253	229	219		- 10	-4,4
Sunnfjord prosti	391	367	398		31	8,4
Nordfjord prosti	302	293	278		- 15	-5,9
Vesthordland prosti	603	607	569		- 38	-6,3

\* Det har ikkje kome inn tal på dåpshandlingar for 2018, det vert ikkje lenger rapportert via SSB.skjemaet. Det er her nytta tal for SSB/NSD og dei er forskjellig frå tala frå medlemsregisteret og vi har vald å ikkje blanda talkjelder.

Det er eit tydeleg fall i dåpstalet frå 2016-2017, men det er store skilnader mellom prostia. Nedgangen er størst i byen, Domkirken og Fana prosti. Der er det og størst medgang i dåpsprosent.

#### Indikator 1: Prosent døypte av tilhøyrande born som er 1-5 år per 1. januar 2019

Alder:	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Endring frå 1-2 år	Endring frå 1-5 år
	79,4	81,1	81,2	82,3	82,2	-1,7	-3,2

Det er ein høgare prosentdel 5-åringar enn 1-åringar som er døypte. Det kan bety at nokon born blir døypte etter 1-årsalder, men tyder meir truleg på at det er ein tendens til at færre av kyrkjemedlemene sine born vert døypte. For 2018 vart 23 to-åringar døypte og 5-6 per kull av 3-5-åringar, det utgjør samla opp mot eit prosentpoeng. Det har vore ein del utmeldingar seinare år som kan føre til at dei som no er medlemmer meir truleg vil velje dåp. Men det blir motverka av tendensen til at "borna skal kunne velje sjølv" og at dåpen ikkje lenger har så naturleg plass i familietradisjonane.

Dåpstal i bispedømet i femårsperspektiv	2014	2015	2016	2017	2018
<b>Bjørgvin bispedøme (Dåpshandlingar)</b>	4945	4928	4864	4448	4108
<b>Talmessig endring frå året før</b>	-271	-17	-64	-412	-344
<b>Prosentvis endring frå året før</b>	-5,5 %	-0,3%	-1,3%	-9,3%	-8,4%

### Kan fokus på dåpen snu trenden?

Det er interessant å leggja merke til at Sunnhordland som i 2016 hadde «Saman om dåp i folkekyrkja i Sunnhordland» som prostitema og fokuserte på korleis ein tar imot dåpsforeldre, hadde nest minst nedgang i dåpstalet, og dei hadde ein auke i dåpsprosent både i 2017 og i 2018. Erfaringane derfrå vert viktige når vi i Bjørgvin skal fokusera på dåp i 2019.

PROSTIVIS (Justert for 2016 og 2017 for å kunna samanlikna med dei nye prostia i Bergen)	Medlemers barn som vert døypte - dåpsandel 2018	Medlemers barn som vert døypte - dåpsandel 2017	Medlemers barn som vert døypte - dåpsandel 2016	Prosentpoeng utvikling frå 2016 til 2017	Prosentpoeng utvikling frå 2017 til 2018
Bjørgvin bispedøme	<b>79,4 %</b>	80,4 %	80,2 %	0,18 %	-0,91 %
Bergen domprosti	<b>64,6 %</b>	69,5 %	68,9 %	0,60 %	-4,90 %
Fana prosti	<b>77,9 %</b>	81,1 %	78,8 %	2,30 %	-3,20 %
Åsane prosti	<b>77,7 %</b>	75,7 %	74,6 %	1,10 %	2,00 %
Bergensdalen prosti	<b>64,5 %</b>	67,4 %	67,3 %	0,10 %	-2,90 %
Sunnhordland prosti	<b>90,2 %</b>	89,1 %	88,5 %	0,60 %	1,10 %
Nordhordland prosti	<b>83,5 %</b>	84,9 %	86,0 %	-1,10 %	-1,40 %
Hardanger og Voss prosti	<b>83,5 %</b>	85,1 %	87,7 %	-2,60 %	-1,60 %
Sogn prosti	<b>80,5 %</b>	80,6 %	86,6 %	-6,00 %	-0,10 %
Sunnfjord prosti	<b>89,1 %</b>	91,1 %	88,9 %	2,20 %	-2,00 %
Nordfjord prosti	<b>85,4 %</b>	86,4 %	81,3 %	5,10 %	-1,00 %
Vesthordland prosti	<b>83,3 %</b>	83,5 %	84,6 %	-1,10 %	-0,20 %
Bergensprostia	<b>72,5 %</b>	74,2 %	73,3 %	0,90 %	-1,67 %

### 3.B.2.2 Trusopplæring

**Delmål: DNK skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte born**

**Resultatmål: Omfanget av trusopplæringstilbodet aukar**

*Indikator 2: Opplæringstilbod i timar (snitt)*

	2017	2018
Tilbod timar	214,2	223,3

Det er ein auke på 7,1 timar i snitt frå 2017 til 2018, tala frå før 2017 er ikkje samanliknbare fordi ikkje alle hadde godkjente planar og dei er difor ikkje tekne med. Vi tenkjer at det er eit godt resultat, og at vi er på rett veg. Av utfordringar med å auke talet på timar er stabilitet i stillingar og stabsfellesskapet (som vi kjem inn på sidan). Vi ser at det vert kutta i løyvingar, og bemanninga som skal gjennomføre planen er fleire stader gått ned. Det betyr at einingane ikkje klarer å starte opp nye ting dei har i planen, og tidvis ikkje har kapasitet til å gjennomføre det dei har gjort før.

Etter ein del år med planar byrjar ein del einingar å få rutine på å sjå kva som fungerer og ikkje, og slik vil ein over tid endre planane til å bli meir treffsikre. Passive tiltak vil då bli bytta ut med aktive tiltak – som vil føre til fleire gjennomførte timar.

I ein av årsrapportsamtalene fekk vi rapport om at eit tiltak som hadde fungert bra i 2016, hadde blitt avlyst i 2017 på grunn av for få påmelde, men i 2018 hadde dei 30 deltakarar. Dei gjorde ikkje noko annleis – opplegget var det same, annonseringa den same, og dei veit ikkje årsaken.

#### **Erfaringsdeling**

Trusopplæringsreforma er eit stort organisasjonslæringsprosjekt. Vi lukkast i den grad vi er villige til å dele erfaringar: Det vi lukkast med, og det vi ikkje får til. Bispedømet fungerer som ein lærings-HUB der vi fasiliterer læringssituasjonar. Vi prioriterer samlingar for trusopplæringsmedarbeidarar med eit lærande og utviklande fellesskap, der flest mogleg får bidra med sin kompetanse og der alle skal bli sett og bekrefte. I årsrapportsamtale og kurs og samlingar elles legg vi til rette samlingane ut frå situasjonen til einingane som er samla. Rådgyvevarane har ikkje nokon fasit på kva som fungerer best lokalt, men kan kome med læringserfaringar og innspel slik at lokale planar over tid blir betre.

Vi rettleier om at det kan vere lurt å gjere ting enklare og oftare. Det kan vere vanskelegare å få folk til å komme ein gong, enn å få folk til å komme ni gonger, eller kvar veke. Mykje av det ein «konkurrerer» med om merksemd og tid er ting som skjer ein eller fleire gonger i veka (idrett, musikk, fritidsaktiviteter elles). «Halvkontinuerlege» tilbod kan vere ein gong i månaden; fem gonger på våren, og fire gonger på hausten. Vi anbefaler også å samle fleire kull samstundes dersom ein har kapasitet. Vi fokuserer også på «sikre» tiltak – at ein har ein gjeng som tek del på trusopplæringstiltaket uansett (ei speidargruppe, eit kor, ein klubb eller liknande), slik at ein slepp avlyse ved få påmeldte.

Vi har hovudsakleg tre typar samlingar: Årsrapportsamtaler, førdag til trusopplæringskonferansen og fagdagar for trusopplæring. Årsrapportsamtalane ønsker vi å ha regionalt og i mindre grupper. Førdagen er ei samling dagen eller kvelden før trusopplæringskonferansen. Der kjem ofte dei som har lengst reiseveg til Bergen og vi har nokre inspirerande foredrag/ny kunnskap, og deling i grupper.

Samlingar der vi kan vere med å trygge dei tilsette i arbeidet og dele «god praksis» gir grunnlag for lokalt utviklingsarbeid. Vi deler kunnskap, inspirasjon og praktiske tips med kvarandre, og over tid meiner vi dette vil dette slå ut i fleire (og betre) timar med trusopplæring i einingane.

## Resultatmål: Oppslutninga om trusopplæringa aukar

### Indikator 3: Deltakardel i utvalde landsomfattande breiddetiltak

	Dåps- samtale	4 års- bok	6 års	Tårn- agent	Lys vaken	Konfir- masjon	Etter konfir- masjon	Total
<b>Døypte i målgruppe 2018</b>	3843	4623	4519	4845	4822	5827	3355	31834
<b>Deltakarar 2018</b>	3888	2242	1390	1214	1246	5142	296	15418
<b>Prosent 2018</b>	101	48	31	25	26	88	9	48
<b>Prosent 2017</b>	101	48	30	25	27	90	12	49
<b>Prosent 2016</b>	107	55	38	30	29	92	10	52
<b>Prosent 2015</b>	103	58	38	31	31	93	11	53
<b>Prosent 2014</b>	101	60	40	30	34	93	28	56

Prosenttala for deltaking på dei utvalde landsomfattande breiddetiltaka går ned eitt poeng frå 2017 til 2018. Det har vore gradvis utrulling av reforma i ulike prosti og nokre prosti har større oppmøteprosent enn andre, difor er ikkje tala før 2016 samanliknbare med for dei siste to åra.

Utvalet av tiltak er slik at alle einingar har dåpssamtale, 4-årsbok og konfirmasjon. Tårnagent og LysVaken er godt innarbeidd mange stader, men ikkje alle einingar har kapasitet til eller prioriterer desse tiltaka. 6-årstiltaket er fortsatt litt i forming, men ser ut for å fungere bra i mange einingar. Alle har tiltak for tida etter konfirmasjonen, men det ser ut for at det er krevjande å finne ei god form på dette. Mange stader har ein ikkje klart å komme i gang med slike tiltak enda (gradvis utrulling av plan), andre stader har ein prøvd - utan å få så mykje respons.

### Dåpssamtale

Mange kyrkjelydar arbeider strategisk med dåpssamtalen og nyttar høvet til å informere om trusopplæringstilbodet og anna arbeid i kyrkjelyden. Enkelte stader kombinerer ein samtalen med babysang eller open barnehage - slik at born og foresette kan få prøve ut noko av det tilbodet eininga har. Ei utfordring er nok at felles dåpssamtaler kan bli litt tekniske/praktiske og bli brukt til informasjon, og at det kan vere vanskelegare å få til samtale rundt det med dåp og tru. Der ein har kapasitet er det difor mange prestar som prioriterer individuell samtale.

### 4-årsbok

4-årsboka har fortsatt stor utbreiing, men ein ser tendensar til utfordringar med å få familiar til å prioritere å ta bli med på ei gudsteneste for å få ei bok. Det er ikkje sikkert det at vi deler ut ting lengre er attraktivt nok i seg sjølv. Det er kamp om familiane si tid. Skal ein på fjellet, på hytta, på besøk til familie, bort i helga, på fotballcup - eller på gudsteneste? For å kunne oppretthalde prosenttalet her må

vi nok tenke nytt om tidspunkt og innhald i samlinga der vi deler ut bøkene. Vi trur det må vere stor grad av fleksibilitet for å dele ut flest mogeleg bøker.

På Løvstakksiden har dei ei familiegudsteneste der dei inviterer barn - og så får barna som kjem ei bok. 4- åringen 4-årsbok, 6-åringen 6-årsbok osv. Dei har ein del ulike bøker liggjande, og spør om alder - og så om dei har fått denne boka før.

### **Lys Vaken og Tårnagent**

Lys Vaken og Tårnagenthelg er ressurskrevjande tiltak som går ganske bra mange stader, men som også kan vere sårbare ved vakanse og sjukdom. Dei trekkjer normalt sett meir folk enn andre lokalt utvikla trusopplæringstiltak, men mykje arbeid med administrasjon og tilrettelegging kan føre til at det går på kostnad av andre lokale tiltak som er mindre ressurskrevjande.

### **Tiltak etter konfirmanntida**

Det er for tiltak etter konfirmanntida at ein har lågast oppmøte, og det er også ein markant nedgang her siste året. Vi mistenker at sidan det er vanskeleg å få til dette arbeidet, er det også det som blir nedprioritert dersom det er press på ressursar av tid og pengar. Leiarkurs går sin faste gang mange stader, men det er krevjande å få med breidda av ungdom på dette. På Bømlø har dei lukkast med eit enkelt opplegg der dei inviterer ungdommen rett etter skuletid til pizza og opplegg (57% og 100% oppmøte). Av og til verkar det som om det enkle ofte er det beste. Ambisiøse opplegg der ein skal ta opp store spørsmål ser ikkje ut for å trekkje ungdommane.

For å lukkast med dei nasjonale breiddetiltaka (og trusopplæringa generelt) er det nokre ting som utmerkar seg: Å lukkast med gudstenesta og å lukkast med tverrfagleg samarbeid i stab. Det tyder eigentleg at ein klarer å integrere trusopplæringa i kyrkjelyden sitt arbeid.

Gudstenesta kan vere ein drivande motor i kyrkjelyden som samlar mange og rekrutterer til det andre arbeidet i kyrkjelyden. Eller den kan vere tilpassa dei få spesielt interesserte. Pedagogar og teologar kan tidvis ha ulike syn på kva ei god gudsteneste er. Pedagogane vil ikkje alltid dra borna med på gudstenestene, og teologane er ikkje alltid velvillig innstilt på tilpassing til målgrupper. Og så er det sjeldan tid til å ta dei lange og grundige samtalene. Pedagogane lagar då gjerne enklare liturgiske opplegg på andre samlingar, og vil kanskje over tid prioritere bort tiltak søndag kl.11.

For å lukkast meiner vi det er behov for å gjere prioriteringar, til dømes justere korleis ein nyttar stabsmøta. Ved å ta informasjon og evaluering av aktivitetar i andre fora og former, kan ein bruke meir tid på dei meir overordna strategiane. Det betyr truleg færre og kortare stabsmøter, men gjev rom for setje av tid til å arbeide med korleis jobbar vi med til dømes frivillige, gudstenestene, rundt dåp eller andre viktige tema? Det vil og kunne fremme tverrfaglig samarbeid i staben, til dømes rundt nokre felles prosjekt. Det viktigaste i dette er truleg langtidsplanlegging i stab. Det er fort at ein fordeler oppgåver heller enn å snakke om korleis ein saman skal løyse ting.

Vi ser behov for ein heilskapleg kyrkjelydsplan. Det vil seie at ein integrerer alle planane i ein heilskap. Der mål og budsjett for tiltaka blir sett saman med den overordna tenkinga og visjonen for kyrkjelyden. Vi ser at der dei einingane lukkast med dette, får ein meir trusopplæring som resultat.



### 3.B.2.3 Konfirmasjon

#### Resultatmål: Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe

##### Indikator 4: Del konfirmerte av døypte 15-åringar

Konfirmerte av døypte 15-åringar	2014	2015	2016	2017	2018
	92,1	92,9	92	89	90

Det er god oppslutning om konfirmasjonen i Bjørgvin. 90 % av døypte 15-åringar vart konfirmerte i kyrkja i 2018 (5220 av 5825). Tala var ganske stabile i 2014-16. I 2017 såg vi ein nedgang med 3 prosentpoeng og i år er det gått opp ein prosent og er vi tilbake på 90 talet i % av dei døypte

Konfirmasjon har vore eit satsingsområde for Bjørgvin i 2018 og vi vil peika på tre punkt knytt til konfirmasjon.

#### 1. Konkurransesituasjonen i byane og på dei de større stadene.

I Bjørgvin har vi konkurranse både frå Human-Etisk Forbund og frå Indremisjonsforbunda og NLM. Human etisk forbund i Bergen meldte om ei auke på over 1000 konfirmantar som var innskrivne i 2018. Etter ei rask spørjeundersøking i Bergensområdet er det ikkje meldt nokon særleg nedgang, men det kjem i så fall i 2019-tala.

#### 2. Kvalitet på konfirmanttida, omdøme ( Punkt B i strategiplan<sup>2</sup> )

Det er viktig å halde fokus på konfirmanttida, både for å skape større blest omkring konfirmasjon, og for å hjelpa nokre sokn som slit med å ha eigen konfirmantleir. Bispedømet arrangerte konfirmantleiren «Sammen» i september, med nær 500 deltakarar. Eit større samarbeid mellom sokna er motiverande også for resten av konfirmanttida. Tilbakemeldingane er gode og sokna seier det er til stor hjelp for resten av konfirmanttida. Konfirmanten sin eigen oppleving av konfirmanttida er med å skapa eit viktig omdøme, og er såleis medvirkande for valet til dei årskulla som kjem etter. Det er og ei målsetting å kunne nytta programutviklinga på konfirmantleirane til å kunne lage tilbud til dei sokna som ikkje treng ein stor festival, men meir ei dagssamling. Vi har nytta ein del av unytta trusopplæringsmidler og utjamningsmidlar til denne programutviklinga og det kjem vi til å gjera i 2019 også. Ein ser også det også som naudsynt at det er tett knytt til bispedømekontoret og rådgjevaren, for å sikra utveksling av kompetanse, erfaringar og ei tett dialog med prostane.

#### 3. Oppfølging av prestane ( Punkt C i strategiplan )

Vi har vore på fleire konvent for å snakka om konfirmantarbeid og spesielt om presten sin rolle. Vi vil ha eit endå større fokus på dette i 2019, med tanke på korleis prestane i større grad kan nytte både gudstenesta, kyrkjerommet og sin eigen liturgiske praksis, som eit pedagogisk verkemiddel i formidlinga for konfirmantane. Vi hadde ei fagsamling i juni der vi hadde forfattarane av «Sansen for det hellige» ( IKOI : 2018 ) som kurshaldarar.

Vi meiner at ein god strategi for å sikra at oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe, er å få til eit godt samspel mellom punkt 2 og 3.

<sup>2</sup> Strategiplan for Bjørgvin 2018-20, resultatmål 2.4

## 3.B.3 Kyrkje og samfunn

### Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

#### 3.B.3.1. Diakoni

#### Resultatmål 1. Fleire kyrkjelydar utviklar plan for diakoni

##### Indikator 1: Sokn med plan for diakoni

Diakoniplanar	2015	2016	2017	2018
	99	93	102	108

Det er ein auke i diakoniplanar frå 102 i 2017 til 108 i 2018. Vi vurderer auken som resultat av langsiktig arbeid mellom anna med fokus på arbeid med diakoniplanar i aktuelle fora og protisamlingar med fokus på å få godkjend lokale diakoniplanar.

Det har dei siste åra vore mange gode kompetansetiltak og nettverkstiltak innan det diakonale feltet i Bjørgvin. Noko av dette har levd sitt eige liv, litt på sida av bispedømerådet sine årsplanar. I strategien for 2018 til 2020 vil Bjørgvin bispedøme løfte diakoni og rekrutterande fellesskap opp som eit av tre satsingsområde. Det meiner vi å sjå fruktene av no.

For å auke talet på diakoniplanar ytterlegare, vil vi fortsette det gode og tette samarbeidet med prostane og sokneprestane i ein skilde prosti. Der det er diakon, er planane på plass, utfordringa er å løfte dette inn der det ikkje er tilsett diakon. Innanfor misjon, har Bjørgvin bispedøme òg eit samarbeidsprosjekt med NMS, «Use your talents», om arbeid med frivillige, som har stor overføringsverdi også til diakonifeltet. Det handlar om å lære av kyrkjelydar som har lite ressursar, men som ser ressursane hos dei som treng hjelp. Dette var mellom anna tema på inspirasjonssamlinga for sokneråd i Knarvik kyrkje i november 2018.

I 2019 vil bispedømet også samarbeide med Bergen kyrkjelege fellesråd om felles kurs for sokneråd m.fl. om diakonien i Bergen. Dette er mellom anna basert på ein rapport som diakonirådsgjevar har utarbeidd om diakonien i Bergen. Vi tenker samstundes at felles opplæring vil hjelpe til å løfte det felles ansvaret kyrkjelyden har for diakonifeltet, slik at ein i større grad tenkjer tverrfagleg. Det er eit lite, men viktig steg. Med få diakonar er også fagdagar for diakonar viktige for å rekruttere og behalde kvalifiserte diakonar i stillingane.

#### Resultatmål 2. Fleire kyrkjelydar med diakonal betening

##### Indikator 2: Sokn med diakonal betening

Det har ikkje vore ein auke i sokn med diakonal betening, men med ekstra midlar på statsbudsjettet, vil det venteleg bli ein auke i dette i 2019.

Andel sokn med diakonal betening	2017	Sokn	Andel sokn med diakonal betening	2018	Sokn	Andel sokn med diakonal betening
37,9 %	69	182	37,9 %	69	182	0,0 %

### 3.B.3.2 Inkluderande kyrkjeliv

Bjørgvin bispedøme har tidlegare hatt eigen rådgjevar for inkluderande kyrkjeliv, men no er denne stillinga halden vakant av budsjettmessige grunnar. Bispedømet har fått på plass ei ordning som gjer at dette inntil vidare vert tilfredstillande ivaretatt. Bispedømet sitt inkluderingsutval spelar ei viktig rolle i dette.

Tidlegare rådgjevar er i ei prestestilling og er frikjøpt for å halda i noko av arbeidet, mellom anna kurs, rådgjeving, kontakt med det nasjonale nettverket og som sekretær for utval for inkludering. Fem tilsette i bispedømet tok vidareutdanning i «Kirken og funksjonshemmede» i 2017, så det no er totalt 7 prestar har særleg kompetanse på feltet, og kan nyttast ved høve og i nokon grad frikjøpast på særlege prosjekt som informasjon i prostia og rådgjeving til foreldre. Rådgjevar for trusopplæring har saman med den tidlegare integreringspresten ei koordinerande rolle. I Bergen er det ei fast gruppe (Konf+ i Åsane) for konfirmantar med særskilde behov, som fellesrådet i Bergen har sett av ressursar til i si tildeling av trusopplæringsmidlar. Særleg i Bergensområdet er det fleire kyrkjeklubbar for menneske med utviklingshemming, og det er samlingar for leiarane i desse i regi av bispedømet.

### 3.B.3.3. Trus- og livssynsdialog

«Kirkelig dialogsentral Bergen» (KDB) er eit ressurs- og kompetansesenter for kyrkjelydar, organisasjonar, skular og andre som er interesserte i ein folkeleg forankra trus- og livssynsdialog i Bjørgvin bispedøme. Senteret sine oppgåver er å etablere konstruktive møteplassar for trus- og livssynsdialog, å vere eit ressurs- og kompetansesenter innan trus- og livssynsfeltet. Bjørgvin bispedømeråd vurderer arbeidet som viktig, og vil fortsette sitt samarbeid og yte same økonomiske støtte til dette arbeidet for neste treårsperiode.

### 3.B.3.4 Vern om skaparverket – grønne kyrkjelydar

#### **Resultatmål 2: Fleire kyrkjelydar vert grønne kyrkjelydar.**

##### *Indikator 2: Tal på grønne kyrkjelydar*

Talet på grønne kyrkjelydar har auka med sju; frå 27 i 2017 til 34 i 2018.

Vi vurderer auken som resultat av langsiktig arbeid mellom anna med fokus på programmet "Grønne kyrkjelydar" og samlingar der dette har vore tema.

Det har vore ei langsam auke over fleire år. Fleire av dei eksisterande grønne kyrkjelydane vart registrert for fleire år sidan og vi er ikkje sikker på kor stor aktiviteten og engasjementet er.

Bispedømet har ei ressursgruppe for miljø og rettferd og har ein prostikontakt i kvart prosti som jamleg har felles samlingar. Rådgjevar for diakoni var og på inspirasjonssamling hausten 2018 på Mesnali for å auke kunnskapen om implementering av "Grøn miljøleing". Eit viktig grep for å styrkje den grønne satsinga i bispedømet.

### 3.B.3.5 Misjon

#### **Resultatmål 3: Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon**

##### *Indikator 3: Tal på kyrkjelydar med inngått misjonsavtale*

Tal på kyrkjelydar i Bjørgvin bispedøme med misjonsavtale er 137; 5 færre enn i 2017.

Arbeidet med SMM fungerer godt i Bjørgvin. NMS er den største med 101 avtalar. "Use Your Talents" som metode var og tema på inspirasjonsamling for sokneråda i november 2018 i Knarvik kyrkje. Dette var ein god arena for å fortsette satsinga på misjonale kyrkjelyder i Bjørgvin bispedøme.

Under Globale veke var det og fleire arrangement i Bergenskyrkjene kor kampen mot mennehandel var tema.

### 3.B.3.6 Kommunikasjon og samfunnskontakt

**Mål: Kyrkja er ein relevant aktør i mediesamfunnet.**

**Kyrkja er ein tydeleg og konstruktiv aktør i det norske samfunnet i samarbeid med styresmakter, livssynssamfunn, kulturliv og ulike organisasjonar.**

Bjørgvin bispedøme helsar velkomen Kyrkjerådet sin strategi om å vera til stades på digitale plattformer og meir bruk av sosiale medier. Bjørgvin hadde på sine stiftsdagar for alle kyrkjelege tilsette i 2017 to føredrag om sosiale medier som interaksjon og kommunikasjon. Desse fekk god evaluering og særleg føredraget om Instagram vart godt motteke. (Ingvild Moen «Nær på sosiale medier»). Bruk av sosiale medier i trusopplæringa har vore tema på årssamtalane våren 2019.

Vi ser to utfordringar: Det er behov for opplæring av tilsette i fornuftig bruk av sosiale medier og for ein gjennomtenkt strategi. Sosiale medier må ikkje berre bli informasjon eller ein subkultur, men bruken av må henga saman med det som resten av kyrkja driv med. Eit godt døme på slik bruk er når Birkeland menighet legg inn videoar på Instagram med korte kommentarar til bibelleseplan for ungdom som ei forlenging av ungdomsarbeidet. Med bakgrunn i kommunikasjonsfagleg teori bør ein gjennomtenka at alle medier, også sosiale, ikkje berre formidlar, men skapar sin eigen sjanger som påverkar den retoriske situasjonen og fremmer visse former for sosial aksjon. Ved å tilby brukarane ei særskild form for interaksjon med kyrkja på nettet, må ein og reflektera korleis dette endrar forventningane til kyrkja på andre område. Sosiale medier kan difor ikkje vera ein eigen strategi for dei som driv med kommunikasjon, men må både vera ein premissleverandør og ein samtalepartner for t.d. ungdomsarbeid, gudstenesteplanlegging og diakonale arenaer.

#### **Resultatmål 4: Kyrkja blir meir tilgjengeleg på Internett**

##### *Indikator 1: Treff på heimesidene\**

kyrkja.no/bjorgvin	2017	2018
<b>Økter</b>	43300	44000
<b>Unike brukarar</b>	23400	23979

\*Tal frå Kyrkjerådet.

Bruken av nettsidene er stabil. Det har ikkje vore gjort nokon spesiell innsats for å få fleire brukarar. Eit nyhetsbrev gjer at faste brukarar får melding om når det er noko nytt, og dei kan då velja om dei vil lesa meir eller ikkje. Søkjarlister og tilsettingar er populært stoff. Det same er nyttig informasjon som «kontakt oss».

##### *Indikator 2: Følgjarar på facebooksider*

«**Biskop Halvor**» er ein profil som biskopen har hatt sidan 2010. Den har 840 følgjarar. I tillegg har han sin meir personlege profil med over 1300 vener.

Bjørgvin bispedøme fekk sin eigen facebookprofil i 2017. Den har no 340 følgjarar. Topp 5 innlegg som har flest visningar og engasjement handlar alle om ledige stillingar. Desse innlegga er køyrde som betalt kampanje.

Av innlegg som det ikkje er laga kampanje av, ligg snittet på ca. 135 visningar.

## Delmål: Kyrkja er synlig på fleire arenaer i det offentlege rom

### Indikator 3: Presseklipp

Det vart i 2018 registrert om lag 530 relevante presseklipp på biskopen i Bjørgvin. Dette er ein framgang frå 2017 då han var omtalt i 337 presseklipp. Følgjande saker fekk mest oppslag:

Presseklipp biskop Halvor Nordhaug 2018	KLIPP	PROSENT
Kyrkjeasyl og asylpolitikk, bl.a. knytt til kyrkjeasyl i frikyrkje	140	26
Bjørgvin bispedøme 950 år. Jubileumsfeiring med H.M. Dronning Sonja. Inkl. Opning av kystpilegrimsleia	78	15
Ole Paus sin samtale med biskopen før ein konsert	46	9
Tru og samfunn-politikk. Om forholdet kristendom-samfunn	40	8
Visitasar (omtale før eller reportasje undervegs)	36	7
På troen løs – særleg samtalen med Jonas Gahr Støre fekk mykje indirekte omtale	27	5
Debatt om samfunnsdebatten, særleg i samband med Listhaug-gatekunst	23	4
Ordinasjon	12	3
Andre tema	92	

Biskopen er registrert med 11 ulike lesarinnlegg eller kronikkar. Ein del av desse vart publisert i ulike kanalar, slik at det til saman vart 23 oppslag.

### Indikator 4: «På troen løs» - omfang og oppslutning

Biskopen sin faste arena for samtale, «På troen løs», heldt fram på Litteraturhuset i Bergen. Nesten alle møta blei videofilma og seinare lagt ut på nettsidene våre. Vi veit at mange kring i landet følgjer samtalanene på nett, noko som gjev ein ekstra motivasjon til å halde på med dette.

I alt 478 tilhøyrarar møtte til ulike samtalar og debattar i skjeringpunktet mellom kyrkje, kultur og samfunn.

### Nådde nye

Resultata frå publikumsundersøkingane viser at arrangementa har etablert ein fast «menighet» og samstundes har ein låg terskel for å trekkje til seg «kyrkjeframande». Særleg ser vi at samtalanene med kjende samfunnsaktørar er populære.

På dei fleste arrangementa, blei det delt ut eit spørjeskjema til deltakarane. Tabellen nedanfor viser svar på spørsmåla «Har ikke vært til stede på Luther øre tidligere» og «Jeg har ikke noe aktivt forhold til noen menighet». N= totalt antall svar.

Publikum på Luther øre	Første besøk	Ikkje aktiv	n	Publi kum	Nett- avspelingar
Å kome ut av trua sitt rom Redaktør Harald Stanghelle 21.2	30	18	44	96	1227
Trua: Realitet eller illusjon ? Forfatter Vigdis Hjorth 3.4	44	40	63	110	490
Kristendom og politikk - en salig blanding Politikar Jonas Gahr Støre 20.9	24	16	54	129	102
Ei kulturfriundsleg kyrkje? Journalist Hilde Sandvik og salmediktar Eyvind Skeie 24.10	-	-	-	67	123
Mi trosreise Skodespelar Svein Tindberg 14.11	21	11	41	76	183

#### *Johan Nordahl Brun-prisen*

Den årlege mottakinga i Korskirken i Bergen med utdeling av Johan Nordahl Brun-prisen er også ein arena i skjæringspunktet mellom kyrkja og samfunnet/kulturen. Årets pris gjekk til CRUX Kalfarhuset oppfølgingssenter. Dei fekk prisen for sitt diakonale arbeid for menneske som ønskjer eit liv utan å vera avhengige av rus og kriminalitet. Prisutdeling fann stad i Korskirken 8. april.

### 3.B.4. Rekruttering, frivillig teneste og prestedekning

#### **Strategisk mål: Fleire får lyst til å jobbe i kyrkja**

Velfungerande ungdomsarbeid i lokale kyrkjelydar er eit suksesskriterium for ungt engasjement i kyrkja og rekruttering til kyrkjeleg teneste i det lange løp. Det er særleg hos dei kyrkjelydane som har fungerande ungdomsarbeid at ein ser jamn rekruttering til dei kyrkjelege yrkesgruppene prest, kateket, diakon og kantor. Det er sjeldan attraktivt å snakke om reduserte tal for kyrkja og kyrkjelege yrkesgrupper i seg sjølv. For at unge menneske skal ville velje eit yrke innan Den norske kyrkja eller i det heile tatt ønskje å engasjere seg i kyrkja, er det avgjerande at dei oppleve å høyre til, er i kontakt med tilsette med kyrkjeleg utdanning og ser kyrkja som ein attraktiv arbeidsplass. Bjørgvin bispedøme ønskjer å stimulere til dette ved å satse på unge leiarar og skape systematikk, engasjement og kunnskap rundt det å drive ungdomsarbeid.

Bjørgvin bispedøme har i sin strategi for perioden 2017 – 2020 delt rekruttering inn i følgjande delar:

<i>Type rekruttering</i>	<i>Arena</i>	<i>Mål</i>	<i>Aktør</i>
1. Grunnrekruttering	Ungdomsarbeid	Leiartrening/kall	Kyrkjefag/kyrkjelyd
2. Studierekruttering	Kristne skular	Søkje studium	Prostar/prestar/FR
3. Studentrekruttering	Studieplassar	Søkje Bjørgvin	BDR/(FR)
4. Stillingsrekruttering	Nasjonalt presteskap	Søkje Bjørgvin	Personal
5. Rekrutterande stillingar	Vårt presteskap	Bli i Bjørgvin	Personal

Bjørgvin bispedøme si systematiske satsing på rekruttering med ungdomsarbeid som særleg fokusområde inneber følgjande element i 2018:

### *1. Ung katedral St. Jakob - Kategori 1*

Ungdomskyrkje etablert i Bergen sentrum som ressurs for hele bispedømmet. Bjørgvin bispedøme bidrar mellom anna med finansiering inn i to prestestillingar. Sjå punkt 3.C.2.

### *2. Delfinansiering av stillingar - Kategori 1, 3, 4 og 5*

I samarbeid med ein skilde lokale kyrkjelydar bidreg Bjørgvin bispedøme med delfinansiering av stillingar som kyrkjelydsprest ved hjelp av OVF-midlar. Den andelen av stillingane som vert finansiert derfrå vert øyremerka arbeid retta mot ungdom lokalt og på bispedømenivå.

Følgjande stillingar er det inngått samarbeid om i 2018: Prestestillingar i Søreide sokn, i Meland sokn og ungdomsarbeidarstilling i Birkeland/Sædalen sokn.

### *3. «Konfeleir Saman» - Kategori 1*

Felles konfirmantleir for kyrkjelydar i Bjørgvin bispedøme i samarbeid mellom Bjørgvin bispedøme og Kirkens Nødhjelp. Unge leiarar frå kyrkjelydar i bispedømmet bidreg som ungdomsleiarar på leiren med eigen opplæring i forkant. Fyste gong arrangert hausten 2018. Sjå punkt 3.C.2.

### *4. Faste møtepunkt med teologistudentar - Kategori 3*

Bjørgvin bispedøme arrangerer kvart semester møtepunkt mellom bispedøme/biskop og teologistudentar ved dei ulike studieplassane. Omsynet bak tiltaket er å halde oversikt over alle aktuelle teologistudentar, gjere studentane kjent med biskopen og Bjørgvin bispedøme og bidra til at studentane ønskjer å arbeide i DNK, og så særleg i Bjørgvin bispedøme. Våren 2018 vart teologistudentar i Oslo med tilknytning/interesse for Bjørgvin bispedøme invitert til middag, medan teologistudentar i Bergen vart inviterte til middag hausten 2018. Studentane gjer tilbakemelding på at dette er viktige møtepunkt for dei.

### *5. Tilbod om sommarvikariat for teologistudentar - Kategori 3, 4*

Bjørgvin bispedøme tilbyr kvart år sommarvikariat for teologistudentar. Dette for å gje dei høve til å prøve seg i prestenesta og vise fram DNK og Bjørgvin bispedøme som ein attraktiv arbeidsplass og arbeidsgjevar. Vi erfarer at dette er eit viktig tiltak for å rekruttere søkjarar til våre stillingar, og fleire studentar stadfestar at høve til å vere sommarvikar i studietida er viktig for dei. Sommaren 2018 hadde Bjørgvin bispedøme engasjert 8 teologistudentar i sommarvikariat.

### *6. Fagkonferanse for ungdomsleiarar - Kategori 1, 2*

Hausten 2018 starta Bjørgvin bispedøme arbeidet med å etablere ein fagkonferanse for unge leiarar som eit nytt element i den systematiske satsinga inn mot rekruttering og ungdomsarbeid. Konferansen skal vere en arena for læring, erfaringsdeling og fellesskap. Sjå punkt 3.C.2.

### 3.B.4.1 Vigslingar

#### Resultatmål: Rekrutteringa til vigsla stillingar vert styrka

##### Indikator 1: Tal på vigslingar

Biskopen har i 2018 ordinert fem prestar, ein diakon og ein kantor. I 2017 vart det ordinert tre prestar og tre diakonar.

### 3.B.4.2 Frivillig teneste

#### Resultatmål: Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja

##### Indikator 2: Tal på frivillige

2015	2016	2017	2018*
12324	12924	12732	12386

\* Kjelde: Førebels tal frå SSB

Det er relativt stabile tal på frivillige. Det er ein nedgang etter 2016, men var ein oppgang i 2016, og 2018 ligg høgare enn 2015.

Som ein strategi for å oppmuntre frivillige som står i ei aktiv og viktig teneste i mellom anna sokneråd og for oppmuntra dei til fortsatt innsats, arrangerte Bjørgvin bispedøme sin første inspirasjonssamling kalla "Mi kyrkje" laurdag 17. november 2019 i Knarvik kyrkje for desse. Målet er å arrangere slike inspirasjonssamlingar rundt omkring i bispedømet dei neste åra. På samlinga fekk mellom anna soknerådsmedlem formidla erfaringar i plenum om det å vere med i sitt lokale sokneråd. Det var inspirasjonsforedrag av professor i merkevarebygging Magne Supphellen frå NHH om det å byggje kyrkje og relasjonar til kvarandre. Journalistane Tarjei Gilje i Dagen og Frøy Gudbrandsen i Bergen Tidene delte sine tankar om kyrkja sett med auga til "dei utanfor kyrkja", og Evy Torunn Nyvoll frå Det Norske Misjonsselskap presenterte modellen "Use Your Talents" slik modellen kan nyttas i lokale kyrkjelyder. Dagen vart avslutta av biskop Halvor Nordhaug. Satsinga var både ambisiøs og målretta. Tilbakemeldingane på denne nyvinninga var svært gode. Det gjev håp om gode samlingar i åra framover.

### 3.B.4.3 Presteteneste

#### Delmål: Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra folkekyrkje

##### Indikator 3: Kyrkjelege handlingar pr prest

91 kyrkjelege handlingar og 51 gudstenester per prest i 2018.

	Prestar	Konfir- mantar	Per prest	Vigslar	Per prest	Grav- ferder	Per prest	Dåps- handlingar	Per prest
2017	152,15	5 221	34,3	883	5,8	4 184	27,5	4 398	28,9
2018	152,6	5 220	34,2	847	5,6	4 258	27,9	4 108	26,9

##### Indikator 4: Prestedekning

Vi har i 2018 164 presteårsverk, men av desse er 5,9 spesialprest på institusjon eller studiestad. 11 prostar gjer 50 prosent presteneste. Det gjev 152,6 årsverk i kyrkjelydsteneste. I tillegg har vi hatt




vakanse i 15 stillingar heile eller deler av 2018. Vi har forholdsvis god tilgang på vikarar. I om lag halvparten av dei vakante stillingane har vi hatt faste vikarar. Det har vore ein auke i bruk av vikarar og enkelttenester i 2018.

#### *Indikator 5: Utlysning, søknader og tilsettingar i prestenesta*

Vi har i 2018 hatt 26 utlysningar, fire av desse er lyst ut fleire gonger. Totalt har det vore 69 søknader og vi har tilsett 18 prestar.

#### *Indikator 6: Aldersfordeling og stillingskategoriar*

- 18 kapellandar, gjennomsnittsalder 39 år.
- 11 prostar, gjennomsnittsalder 61 år
- 18 prosti- og seniorprestar, gjennomsnittsalder 60 år.
- 101 sokneprestar, gjennomsnittsalder 54 år.
- 16 spesialprestar, gjennomsnittsalder 50 år.



Av totalen er 53 prestar over 61 år, 56 mellom 50 og 60 år, 34 mellom 41 og 49, medan 22 prestar er under 40 år.

#### *Vurdering av bemanningssituasjonen*

Det er særskilt krevjande å rekruttere til stillingar i distriktet. Det er ein risikofaktor for Bjørgvin bispedøme at 32% av arbeidsstokken er i ein alder der dei kan gå av med AFP og pensjon. Ut frå denne vurderinga har vi rekruttering som svært høgt prioritert satsing. Då ikkje tenkt som kortsiktige tiltak, men dei langsiktige tiltaka, og omprioriteringar av tids- og ressursbruk for å tenkje rekruttering i stort. Det betyr at kvart prosti må sjå på bruk av dei ressursane ein har, ikkje berre for å løyse forordninga, men for å styrke barne- og ungdomsarbeidet og vurdere kva ein ikkje skal prioritere.

## 3.C. Oppdrag frå Kyrkjerådet

### 3.C.1 Samarbeid mellom kyrkje og skule

**Delmål: Samarbeidet mellom skule og kyrkje blir styrka**

*Indikator 1: Besøk i kyrkje utanom gudsteneste og besøk frå kyrkjeleg medarbeidar*

*Gudstenester for skuleborn*

	2014	2015	2016	2017	2018
<b>Gudstenester</b>	423	414	428	413	421
<b>Deltakartal</b>	77896	71811	76398	73048	73930
<b>Gjennomsnitt</b>	184	188	179	177	176

*Gudstenester for barnehageborn*

	2014	2015	2016	2017	2018
<b>Gudstenester</b>	243	244	230	242	181
<b>Deltakartal</b>	16411	16518	15465	14128	13666
<b>Gjennomsnitt</b>	67	68	67	58	76

Som statistikken viser, er det stabilitet i skule/kyrkje-samarbeidet. Dette stadfestar det inntrykket ein får gjennom visitasane der det alltid er møte med skulane. Gjennomgåande vert det meldt om at ein har gode rutinar både på alternative samlingar og påmelding og skulane gjev gode tilbakemeldingar og ynskjer å ha tilbod om skulegudstenester. Skule/kyrkje-samarbeid fell litt mellom to stolar fordi det ikkje er trusopplæring og det er uklart kven det eigentleg er som har det i sitt arbeidsområde, prest, kateket eller andre. Utvikling av godt skule/kyrkje-samarbeid er difor litt for avhengig av den einskilde sitt initiativ. Dette viser seg å vera sårbart ved stillingsskifte med mindre det allereie er etablert gode rutinar lokalt. Difor prioriterer biskopen på visitasar å møta skulen, forhøyra seg om rutinar og erfaringar med samarbeid og be om at ein lagar ein plan eller årshjul for samarbeidet.

Av ressursgrunnar har ikkje bispedømet ved rådgjevarane på trusopplæring prioritert skule/kyrkje-arbeidet i 2018. Vi arrangerer ei temasamling for barne-småtrinnet og kyrkja i mars 2019, med ressursar frå NLA. Dette er i tilknytning til den nye læreplanen som kjem. Kva har ein «lov til» å gjera i barnehagen og kva kan kyrkja hjelpe til med? Det har òg vore ein god dialog med Høgskulen på Vestlandet om det same temaet. Det er ein interessant tendens at det vert ei større opning for å vitja livssynssamfunn i skulane. Når dei t.d. ønsker å vitja ein moské, så vil vi leggja til rette for besøk i kyrkja, ikkje berre når det gjeld den kristne kulturarven, arkitektur osv, men også et vitjing kor presten kan fortelja om si kristne tru. Dette er noko vi vil fylgje opp og utvikle ein metodikk for i 2019, i nært samarbeid med Kirkelig dialogsentral i Bergen.

Talet på gudstenester er relativt stabilt, men med noko årleg variasjon. Det er òg ein tendens til at ein går frå barnehagegudstenester til jule- og påskevandringar i kyrkja, det er truleg årsaka til svingingane og ein eventuell nedgang siste år (med atterhald om rett rapportering, dei førebels tala har ein tendens til å vera for låge).

### 3.C.2 Barne- og ungdomsarbeid

#### Indikator 1: Gjennomsnittleg tal på tiltak for ungdom.

	Kontinuerlege tilbod for 13-17 år			Einskildtilbod for 13-17 år			Leiarkurs for unge 13-17 år		
	2017	2018	Endring	2017	2018	Endring	2017	2018	Endring
Bjørgvin	135	91	-33 %	110	71	-35 %	63	65	3 %
Nasjonalt	791	873	10 %	526	435	-17 %	560	571	2 %

#### Indikator 2: Tilbod til unge 13 – 17 år , einskildtiltak og kontinuerlege

	Kontinuerlege tilbod for 18-30 år			Einskildtilbod for 18-30 år			Leiarkurs for 18-30 år		
	2017	2018	Endring	2017	2018	Endring	2017	2018	Endring
Bjørgvin	41	26	-37 %	37	37	0 %	13	14	8 %
Nasjonalt	312	315	1 %	193	185	-4 %	92	123	34 %

Tal frå tabell 5.2 og 5.3: Tiltak utover det som vert rapportert som timar i trusopplæringsplanen.

Talet på tiltak for ungdom har eit fall i 2018. Med atterhald om at sokna har rapportert riktig, er det nedgang på både enkelttiltak og kontinuerlege tiltak. Det er likevel ei lita auka i talet på deltakarar i breiddetiltak etter konfirmanttida i trusopplæringa. Vår oppfatning er at dei sokna som allereie har eit etablert ungdomsarbeid, fortsatt held fram, men der dei ikkje har noko, så er det vanskeleg å få etablert eit nytt arbeid.

#### Leiartrening og samarbeid er nøkkelen til styrka ungdomsarbeid.

Det viser seg i praksis at det som skal til for å få ungdomsarbeid opp å gå er leiartrening og samarbeid. I Fyllingsdalen i Bergen har ein hatt eit leiarkurs i samarbeid med NMSU og har 8 deltakarar, tilsvarande 20% av konfirmantkullet. Dei fortel: «De siste 5 årene er det prøvd «Åpent hus i kirken» (film, sosialt, et sted å være). Disse har ikke vært særlig godt besøkt, men høsten 2018 tok leder-kurset og ansatte på seg å arrangere et par kvelder der ungdommene selv inviterte venner og bekjente. Bra oppmøte!»

Difor er det viktig for bispedømet å støtta opp om leiartrening og bidra med samarbeid mellom kyrkjelydane eller mellom kyrkjelydar og organisasjonar.

Ten-sing-arbeidet i KFUK-KFUM er fortsatt sterkt i bispedømet, med store grupper t.d. på Bømlo og på Voss. Der ein har slikt arbeid, er det ein positiv spiral, og ein har ofte eit godt etablert opplegg for leiartrening. Vinterfestival på Bømlo og på Voss melder om stabilt gode tal (500 på Voss og 300 på Bømlo). Dette vert støtta frå bispedømet gjennom prioriterte tilskot frå OVF. I Bergen har ein også godt ungdomsarbeid i Birkeland, Slettebakken, Storetveit og Fana og Åsane, alle stader med ulike leiartreningsopplegg. Det er ei god tendens og vår strategi er å knyta alt ungdomsarbeidet saman på ein betre måte. Vi ser allereie frukt av dette.

## Tverrstrukturar - Ungdomsleiarkonferanse

Det bispedømet kan gjera, i tillegg til å støtta lokale tiltak, er å skapa felles arenaer, laga felles prosjekt som gjer at leiarane kan møtast, bli betre kjent og knyta band. Eit slikt prosjekt er ungdomsleiarkonferansen VEIKRYSS i mars 2019. Det har i 2018 vore arbeidd for å støtta ungdomsleier fleire stader i bispedømet og dra dei inn i arbeidet med konferansen slik at det skal bli vel så mykje eit treffpunkt til inspirasjon for små ungdomsmiljø. Det har vore gjeve tilskot frå bispedømet til tre sokn i 2018 for å sikra ei satsing på ungdomsarbeid, med eit klart oppdrag om å utvikle samarbeid og nettverk. Det er god påmelding til konferansen og vi har stor tru på at ved å jobba gjennom lokale ungdomsleiarar vil ungdomsleiarkonferansen VEIKRYSS kunna bli dobla i deltakartal i 2020.

## Ung katedral St. Jakob

Bispedømet har gått inn med ressursar i St. Jakob i fleire år. Det var store utskiftingar hos dei tilsette i St. Jakob i 2018 og ein har hatt ein konsolideringsfase. Arbeidet har ein tredelt visjon: 1: Unge Vaksne-kyrkje, Gudsteneste kvar sundag kl 19 i skuleåret. Arrangement for same aldersgruppe t.d. Tabutorsdag. Her har vi godt samspel med studentprestetenesta . 2: Samlingar for leiarar i «NærBergen» i samarbeid med KFUK-KFUM og 3: Bølgen Ungdomsklubb samarbeid mellom Bergen Domkirke sokn og Bergen KFUK-KFUM Ynglingen. Ope hus på tysdag og onsdag, Ungdomsdiakonal kaféprofil, men med tidebøn i kyrkjerommet.

Ein viktig del av strategien er koplingspunktet mellom punkt 2 og dei nye tverrstrukturane vi etablerer gjennom konfirmantleir og ungdomsleiarkonferanse. Di fleire band som bind, di sterkare vert tilknyttinga til kyrkja. Dette vil igjen vera rekrutterande til kyrkjeleg teneste.

## Fagsamlingar for prestar

Fleire prosti har både saman og åleine hatt ungdomsarbeid som tema på sine konvent i 2018. Bjørgvin har også fått rekruttert fleire yngre prestar dei seinare åra. Det er særst viktig med gode faglege nettverk for dei, slik at den samla kompetansen og erfaringane kan bli delt i heile bispedømet.

For å gje kompetanse til dei som driv ungdomsarbeid, vil vi 7. mars 2019 ha ein fagleg konferanse på NLA: «Kristent ungdomsarbeid mellom jungel og drivhus». Her kjem representantar frå U-Kyrkja i København og internasjonal forskning på ungdomsfeltet vært også presentert. Det er viktig å tilby nettverk og fagleg utvikling for prestar og andre tilsette som arbeider med ungdom. Vi trur òg det er viktig med fleire unge prestar i kvart prosti, ut frå same strategi som vi har hatt for å betre kjønnsbalansen i presteskapet.

## Gudstenester for ungdom

	2014	2015	2016	2017	2018		2014	2015	2016	2017	2018
<b>Gudst.</b>	305	320	366	391	412	<b>Frammøte</b>	34744	37915	40677	43110	47187

Det er grunn til å tru at den positive trenden ein såg etter ungdomsåret i 2013 framleis gjer at det vert satsa på ungdom i kyrkjelydane. Det har vore ein jamn auke i oppslutninga om ungdomsgudstenester sidan 2013 som kan tena som ein indikasjon på ungdomsarbeidet og det har auka sidan Ungdomsåret. Siste år var auken 5,4% frå 391 i 2017 412 i 2018 og deltakartalet gjekk opp 9,5% frå 43110 til 47187.

## 3.D. Mål på område innanfor biskopens verksemd

### 3.D.1 I biskopens søkelys

#### *Gudsteneste – kvalitetsutvikling*

På alle visitasar er gudsteneste tema i visitasforedraget. Biskopen motiverer til å gå til gudsteneste ut frå eit tradisjons- og tilknytingsargument ved å leggja vekt på at dette har kristne gjort til alle tider og vi gjer det fordi vi høyrer til. I tillegg vert det understreka at vi gjer det for å æra Gud og fordi vi treng å høyra evangeliet talt til oss på nytt. Dette er ein argumentasjon som er retta mot å få dei som alt er sosialisert inn i gudstenesta til å gå oftare.

Det viktigaste grepet for å auka kvaliteten er gjennom kompetanseoppbygging av presteskapet ved å gje ny kunnskap om formidlingssituasjon og korleis folk tenker i dag. På stiftsmøtet var temaet «Kvalitet i kyrkja» og foredraga var «Forkynning av frelse frå synd i ein narsissistisk kultur» v/Grete Tengsareid Søvik Phd Vid, «Å vera kyrkjelyd i valfridomens tidsalder» v/Bård Eirik Hallesby Norheim NLA og «Perspektiv på samtalen» v/Erling Nydal, prest i bispedømet.

Det andre hovudgrepet for å auka kvaliteten på gudstenesta var i 2018 vidareutdanning i forkynning. Alle prestane i prostia i Bergen pluss Sunnfjord, deltok på det prostibaserte preikekurset for «Kunsten å snekre en preken» med vekt på å beskriva preika saman og preika utan manus. Dette hadde eit todelt mål, betre framføring og struktur i forkynninga og samansveising i tre nye Bergensprosti gjennom praksislæring med felles arbeid i prostiet. Tilbakemeldingane frå kurset er gode og prostane seier at dette har sveisa saman prestane og skapt eit betre kollegafellesskap i dei nye prostia.

#### *Gjevarteneste*

Gjevarteneste er det andre temaet som biskopen alltid tar fram på visitas. For å få til ei god gjevarteneste, krevst det både haldningsendring og praktisk tilrettelegging. I visitasforedraget prøver ein å gjera noko med haldningane og så oppfordra til at kyrkjelyden reklamerer og prestane forkynner gjevarglede. Til no er ikkje resultatet imponerande, nokre tar ikkje grep og andre klarar ei lita auke. Men nettopp fordi dette handlar om haldningsendring, bort frå at kommune og stat betalar alt, til det å ta eige ansvar og skaffa økonomiske musklar til det ein ynskjer, må ein halda fram med å leggja vekt på det.

#### *Björgvin bispedøme 950 år*

Om lag 1068 e. Kr oppretta Olav kyrkje eit vestnorsk bispedøme med bispesete på øya Selja i Selje kommune.

Erfaringane og relasjonane frå Reformasjonsbyen Bergen 2017 gav godt grunnlag for planlegging og gjennomføring av jubileumsfeiringa 8. juli på Selja. Selje kommune, Selje sokn og folk i Selje var aktive bidragsytarar. Med det praktfulle klosteranlegget som kulissar, fekk både H.M. Dronning Sonja og dei nærare 600 frammøtte oppleve ei alvorleg og vakker fødselsdagsmarkering, både liturgisk, visuelt og musikalsk.

I høve Björgvin bispedøme sitt 950-års jubileum deltok Björgvin biskop på ei økumenisk gudsteneste i den anglikanske katedralen «Christ Church» i Dublin, hovudstaden i Irland.

Dette er truleg første gong ein norsk biskop har delteke på denne typen markering i Irland, med takk for den arven vi har fått del i: «Vi sende vikingar, de sende oss helgenar».

### 3.D.2 Biskopens og bispedømerådet si forvaltning av saker knytt til kyrkjelov og gravferdslov

I 2018 har biskopen hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjer	2017	2018
Ombygging av kyrkjer – av desse var 4 knytt til universell utforming.	14	21
Bygging nærare kyrkja enn 60 m	3	7
Godkjenning av orgel/flygel	2	1
Kyrkjetekstil	16	16
Inventar (inkludert liturgisk utstyr)	7	4
Benker/stolar	1	5
Tekniske installasjonar (lerret, lyd, ljøs)	10	9
Andre saker	3	3
Medlemsskap	3	4

I 2018 har Bispedømerådet hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov.	2017	2018
Omregulering/ending av kyrkjegardar	17	5
Fråsegn i saker om bygg/eigedom nær kyrkje eller gravplass		5
Gravplassvedtekter	4	3
Fråsegn til kommunale planar og reguleringsplanar	10	16
Fråsegn fylkeskommunal plan	1	1
Klagesaker gravferdslov, medhald i ei av sakene	7	6
Minnesmerke på gravplassen (inkl. namna minnelund)	3	2
Utleigesatsar for kyrkja	1	1
Sal av kyrkjeleg eigedom	1	1
Justering av soknegrenser	1	1
Ferdigstilling av gravplass		1

# IV: Styring og kontroll i verksemda

---

## Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll

Bjørgvin bispedømeråd nyttar mål- og resultatstyring som sitt grunnleggande styringsprinsipp. Tildelingsbrevet og årsplan dannar grunnlaget for prioriteringar i arbeidet.

Tildelingsbrevet peiker særleg på: «En landsdekkende folkekirke og et tydelig skille mellom stat og kirke» som prioriterte område. I Bjørgvin har vi følgd opp vårt arbeid ut frå dette.

Bispedømerådet viser til at samla måloppnåing er god, jfr del III. Prestetenesta og kyrkjeleg administrasjon nyttar tildelinga godt. Det vert samstundes arbeidd med risikoanalysar for ulike sider ved verksemda. Den overordna, årlege risikovurderinga, syner at risikobildet ikkje er kritisk, men at vi har nokre særlege utfordringar:

- Oppslutning rundt dåp er fallande over tid, og krev merksemd.
- Rekruttering til prestestillingar og andre kyrkjelege stillingar er låg. Når mange prestar går av med pensjon dei nærmaste åra, så vil dette bli kritisk om ein ikkje får endra trenden.
- For få tilbod til ungdom vil svekka kyrkja på sikt. Særleg satsing Ungdom 18-30 i Bergen.

Leiinga sin årlege gjennomgang av status på styring og kontroll viser at system, rutinar og prosessar gjennomgåande fungerer godt. Følgjande punkt er vurdert spesielt:

- Verksemda si evne til å oppnå fastsette mål i tråd med Den norske kyrkje sitt oppdrag.
- Verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv ressursbruk.
- Om sentrale risikofaktorar er innanfor akseptabelt nivå.

Gjennomgang viser at tiltak som er gjennomførte verkar fungere, og vil bli følgd ytterlegare opp for perioden 2018 til 2020.

**Internkontroll:** Bjørgvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Det har samstundes vorte endringar i nokre rutinar grunna nye system i det nye rettssubjektet, noko som må følgjast opp i neste fase. Vår vurdering er at transparens og tillit er hovudelementa i vår internkontroll. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg.

Vi vurderer også eigen beredskap som god med omsyn til handtering av moglege tryggleikshendingar innanfor våre ansvars- og myndighetsområde. Planverk ligg føre, og vi vurderer at rutinane fungerer etter intensjonen.

**Hovudmål: Løyvingane til prestetenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.**

## 4.A. HMS/Arbeidsmiljø

### 4.A.1 Sjukefråvær

Bjørgvin har sjukefråvær på 7,1 i presteskapet og 3,5 i administrasjonen. I presteskapet er det noko høgt langtidssjukefråvær (over 8 veker) blant menn. Dette er av årsaker som er kjent, men ikkje direkte jobbrelatert. Vi vurderer difor sjukefråværet til ikkje å vera kritisk.

### 4.A.2 Arbeidsmiljø

#### *Indikator 1; Trivselsskår i arbeidsmiljøundersøkinga*

Arbeidsplassundersøkinga for 2018 syner at prestane trivs godt i arbeidet. Tala for samarbeid med overordna og andre tilsette er jamt over høge. Det er òg gledeleg å sjå at tala både når det gjeld mobbing og diskriminering er lågare enn tidlegare. Ein god relasjon til fellesråda er ei viktig målsetting, som vi kontinuerleg har merksemd på.

Prestane i Bjørgvin	2012	2015	2016	2017	2018
<b>1/ Informasjon og kommunikasjon med biskop</b>	4,21	4,7	4,8	4,8	4,7
<b>2/ Informasjon og kommunikasjon med bispedømmekontoret</b>	4,17	4,7	4,9	4,8	4,8
<b>3/ Samarbeidet med og ledelse av prost</b>	5,06	4,96	5,2	5,2	5,1
<b>4/ Samarbeid med prestekolleger</b>	5,14	5,1	5	5,2	5,2
<b>5/ Samarbeid med øvrige ansatte i staben</b>	4,89	4,9	4,9	5,1	5,0
<b>6/ Samarbeid med menighetsråd</b>	5,08	4,85	5,1	5,2	5,0
<b>7/ Samarbeid med fellesråd/kirkeverge</b>	4,42	4,43	4,6	4,5	4,6
<b>8/ Opplæring og oppfølging i tjenesten</b>	3,91	4,55	4,8	4,7	4,3
<b>9/ Arbeidsplaner og arbeidsbeskrivelser</b>	4,17	4,82	4,8	4,9	5,0
<b>13/ Opplever du at du har forutsigbar fritid?</b>	4,15	4,16	4,4	4,5	4,5
<b>14/ I hvilken grad får du tatt ut fritid og oppsamlede fridager?</b>	3,99	3,9	4,2	4,3	4,3
<b>Sum/gjennomsnitt</b>		4,6	4,8	4,8	4,8

Det er jamt over gode tal, men opplæring får ein nedgang. I 2018 hadde vi felles kurs for nye tilsette med Bergen Kyrkjelege fellesråd. Dette fekk dårleg skår hos prestane, men god skår hos alle andre. Det gav mindre tett oppfølging av prestane, og vi vil vurdere korleis vi gjer dette vidare.

Opplevinga av godt samarbeid med bispedømmekontoret er også signifikant betra frå 2012 til 2017, med endring frå 2015. Samarbeidet med prost er stabilt bra, men tala for 2018 er noko usikre på grunn av at tre prosti har vore utan prost. Dei tre prostia som har fått ny prost, har særskilde gode tilbakemeldingar. Samarbeid med andre er også stabilt bra. Samarbeid med fellesråda/kyrkjeverje er relativt stabilt, men



med svært store variasjonar og nokre stader kritisk lågt. IKT er også eit område det er forbetring på, etter langsiktig tiltak med oppfølging (ikkje med i tabell over). Opplevinga av arbeidsmengde og tilbod om vikar er også betre.

#### 4.A.2.1 Arbeidsvilkår

##### **Resultatmål: Sikra gode arbeidsvilkår for prestane.**

Samla vil vi vurdere at tiltaka som er nemnde ulike stader i denne rapporten innan ABV, kompetanse/EVU, retreat, prestebustader og andre arbeidsmiljøtiltak fungerer godt. Vi har låg turnover i presteskapet, lågt sjukefråvær og eit motivert presteskap.

##### *Indikator: Sjukefråver*

Bjørgvin har sjukefråvær på 6,2 i presteskapet og 1,17 i administrasjonen. I presteskapet er det noko høgt sjukefråvær (over 8 veker) blant menn. Dette er av årsaker som er kjent, men ikkje direkte jobbrelatert. Vi vurderer difor sjukefråværet til ikkje å vera kritisk.

For administrasjonen ved bispedømekontoret har åra 2016, 2017 og 2018 vore krevjande med mange prosessar samstundes. Vi gjorde ei undersøking i 2017 der nokre element i arbeidsmiljøundersøkinga fekk spesielt merksemd.

Utvikling i arbeidsmengde og tilgjengelege leiarar var dei to områda som hadde minst utvikling. Det ber preg av at det har vore, og er, travelt, med mange oppgåver. Samstundes så gjekk alle trivselsfaktorar fram. Til dømes var det i 2013 berre skår 3,63 på «om eg framleis arbeider på bispedømekontoret», mot 5,47 i 2017. Trivsel hadde gått fram frå 4,75 til 5,73. Vi har stolte medarbeidarar som opplever å dra lasset saman rundt ulike små og store prosjekt. Det er ikkje gjort tilsvarende undersøking eller analyse i 2018. Effektiviseringsarbeidet og prosessen der har vore krevjande, særleg for delar av staben, men med påverknad for heile fellesskapen. Det har ikkje resultert i direkte sjukemeldingar, men har vore ein slitastjefaktor, som ein ikkje må undervurdere.

##### **Personalpresten**

Eit viktig tiltak for å betra arbeidsmiljøet og gje mot i tenesta er det arbeidet personalpresten gjer gjennom samtalar med prestane og gjennom å leggja til rette for retreat og Arbeidsrettleiing.

##### **Retreatarbeid**

Bjørgvin bispedøme har i 2018 halde fram samarbeidet med Bergen diakonissehjem om Retreat Bergen. Omlag ein kveld i månaden er det kveldsretreat. 10 – 20 deltakarar har deltatt kvar kveld. I fastetida 2018 vart det arrangert fasteretreat, og i adventstida adventsretreat.

Fleire prestar har i 2018 søkt og fått tilskot til å reise på retreat på ulike retreatstader både i inn- og utland.

Bispedømet har og i 2018 gitt tilbod om åndeleg rettleiing. Fleire medarbeidarar i bispedømet er utdanna åndelege rettleiarar, og det vert lagt til rette for at dei som ynskjer åndeleg rettleiing kan få tilbod om det hjå ein av dei. Det er fleire som har nytta seg av tilbodet. Dei åndelege rettleiarane vert og fylgd opp ved at dei har tilbod om sjølve å gå åndeleg rettleiing og å få rettleiing på arbeidet dei gjer.

Å leggje til rette for retreat og åndeleg rettleiing er viktige signal om verdien av desse tilboda. Dei betyr mykje for motivasjonen og arbeidsglede til dei som nyttar seg av tilboda.

### **Arbeidsrettleiing (ABV)**

I 2018 har det totalt vore 14 ABV-grupper i aktivitet i Bjørgvin bispedøme med til saman 69 deltakarar. 62 av deltakarane har vore prestar, 2 diakonar, 2 kateketar og 3 kyrkjelydspedagogar.

Av dei 14 gruppene har det vore:

- sju tverrfaglege grupper.
- to seniorgrupper
- to prostegrupper, kor alle prostane har deltatt
- to grupper for ABV-rettlearane med rettleiing på rettleiing
- ei gruppe for fengselsprestane

I tillegg til grupperettleiing har fleire prestar hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid.

Vi har i 2018 halde fram ordninga med mentor. Den er i hovudsak for dei som er nye i tenesta. Då har ein ei tid jamlege samtalar med ein røynd kollega om spørsmål og utfordringar ein møter i tenesta. Ordningar med mentor kjem i tillegg til arbeidsrettleiing, og er tenkt som eit tilbod til nyutdanna prestar før dei med i ei ABV-gruppe.

I 2018 var det fire medarbeidarar frå Bjørgvin, tre prestar og ein diakon under utdanning til ABV – rettleiar.

25. oktober 2018 var ABV-rettlearane samla til fagdag. Tema på fagdagen var: «ABV som konfliktførebyggjande tiltak».

Alle ABV-gruppene i Bjørgvin er opne og kontinuerlige. Det betyr at gruppene består, medan deltakarane i gruppene over tid vil skifte. Ein bind seg for minst eitt år om gangen, og vel sjølv kor mange år ein vil vere med.

Meir enn ein tredjedel av prestane i Bjørgvin har i 2018 vore med i ei ABV-gruppe, og det kjem mange tilbakemeldingar om verdien av å delta. ABV er eit av dei viktigaste HMT- og personalutviklingstiltaka vi har.

#### **4.A.2.2 Lokale tilhøve og utfordringar**

Med unnatak av fire prosti, er det prestar med eit spesialisert ansvarsområde i dei resterande sju prostia, til saman 16 årsverk. Av desse er det 2,4 studentprestar og 2,5 stillingar som fengselsprestar.

Bispedømet har eit samarbeid med Kirkelig dialogsenter i Bergen (Areopagos) om ei stilling som dialogprest. I tillegg har vi eit samarbeid med Bergen Internasjonale Menighet (BIM) om internasjonal prest i Løvestakksiden sokn. Bjørgvin bispedøme har og samarbeid med Bergen kommune om eit årsverk som sjukeheimsprest fordelt på 6 prestar som har 10-20 prosent teneste på ein sjukeheim.

#### *Leiing og samvirke*

**Styringsparameter: Funksjonell organisering, kostnadseffektiv forvaltning og brukarorienterte tenester.**

Björgvin bispedømeråd har i tillegg til den årleg leiarkonferanse med Kyrkjeverjelaget, hatt jamlege møtepunkt med Kyrkjeverjelaget. Med leiargruppa i Bergen kyrkjelege fellesråd er det i tillegg egne halvårlege møtepunkt. Dette for å sikre best mogleg samordning.

Det å samspele tett med 57 fellesråd, er tidkrevjande. Prostiturneane i 2016 og 2017 vurderer vi som svært vellukka, det har bygd tillit, det har vore nyttig lyttepost og det har hatt effekt på å redusere saker som tidlegare kunne vere tidkrevjande. Det har ikkje vore kapasitet til prostiturne i 2018.

Det blei i 2017 gjennomført stiftsdagar for alle yrkesgrupper samla for første gang. Det var 520 deltakarar, og svært gode evalueringar i etterkant. Dette blir gjentatt i 2019. I 2018 har ein hatt fagsamlingar for dei ulike yrkesgruppene.

Det er slik at bispedømet oftast er den som kan ta risiko og har kapasitet til utviklingsarbeid på ulike område. Björgvin bispedømeråd har i sin strategi og årsplan for 2018-2020 særleg løfta verdien av å framsnakke kompetanse på alle nivå. Dette er ein kvalitet som vi vurderer som avgjerande både for oppslutning generelt, og ikkje minst for rekruttering til alle typar tenester i kyrkja i åra som kjem.

Det vart i 2018 ikkje gjennomført ei brukarundersøking ut mot fellelråda.

På fleire viktige område såg vi i 2017 forbetra brukartilfredsheit med det arbeidet bispedømet utførar. Dette har vi i nokon grad arbeidd vidare med i 2018, men med noko mindre kapasitet.

#### 4.A.2.3. Rutinar for intern varsling av kritikkverdige forhold

Mot slutten av 2017 vedtok sentralt arbeidsmiljøutval i Den norske kyrkje felles rutinar for varsling om kritikkverdige forhold ved rettssubjektet Den norske kyrkja. Björgvin har teke i bruk dei nye rutineane, og har i 2018 arbeidd med å gjere dei tilgjengeleg og kjend for tilsette i bispedøme. Dette arbeidet er avgjerande for å sikre intensjonen i varslingsrutineane – at tilsette er oppmoda om å varsle om ein oppdagar kritikkverdige forhold i verksemda. Arbeidet med å gjere varslingsrutineane kjend og tilgjengeleg for tilsette er difor noko ein må drive kontinuerleg.

## 4.B. Likestilling

Björgvin har som mål å «Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja».

### *Likestillingsrapportering – Presteskapet. Tal pr. 31.12.2018*

	Kjønnsbalanse			Løn	Deltid		Legemeldt fråvær	
	M%	K%	Stillingar	Kvinner %	M%	K%	M%	K%
Totalt	76,5	23,5	158,25	95	91,1	8,9	70	30
Prostar	82	18	11	93	-	-		
Sokneprest	78	22	100,9	97	77,8	22,2		
Kapellan	66,7	33,3	18	99	-	-		
Andre	74,4	25,6	27,35	96	100	-		

Når det gjeld rapportering på løn, viser skjemaet kvinners gjennomsnittsløn i prosent av menns. Totalen på kvinner ligg 5% under gjennomsnittet. Dette kan forklarast med at 9 av dei 11 prostane i bispedøme i 2018 har vore menn. Elles er vi nøgd med at prestar i alle kategoriar no ligg likt. Den ulikskapen som ligg att skuldast i all hovudsak ulik aldersfordeling.

### *Kvinner i faste prestestillingar 2018*

Faste prestestillingar *	Årsverk	Kvinner	Prosentdel kvinner	Endring frå 2017
	147,25	35,2	24%	0%

\* prostar ikkje medrekna

Statistikken viser at i faste prestestillingar i Bjørgvin bispedøme er kvinneandelen 24%. Dette er lågt samanlikna med andre bispedøme, landsgjennomsnittet er om lag 33%. I prosti med låg kvinneandel vert kvinner oppmoda om å søkje. Det er gledeleg å sjå at kvinneandelen er stabil, og at vi har kvinnelege søkjarar til stillingane våre.

### *Kvinneandel – søknadar og tilsettingar 2018*

Tal søknader	Frå kvinner	Prosent kvinner av dette	Tilsettingar	Kvinner av desse	Prosent kvinner av dette
69	16	23,2%	18	6	33,3%

I tilsettingane i 2018 var ein tredel av dei tilsette kvinner. Administrasjonen vil, saman med fagforeiningane, arbeide vidare med å sikre ein raskare auke i talet på kvinner i prestestillingar.

### **Prostar**

Innan dei neste fire åra har 5 av 11 prostar oppnådd aldersgrense for pensjon. Bispedømet ynskjer fleire kvinner til leiande stillingar.

### **Likestillingsrapportering - Bispedømekontoret**

2018	Kjønnsbalanse		Løn*		Deltid		Midlertidig		Legemeldt fråvær	
	M%	K%	Totalt	K %	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt	53	47	17	88	-	-	-	-	0,59	1,56
Leiarar	75	25	4	76	-	-	-	-		
Rådgjevarar	50	50	12	93	-	-	-	-		
Kontorstillingar	-	100	1	100	-	-	-	-		

Det er god balanse i staben ved bispedømekontoret når det gjeld likestilling og alder. Vi vurderer at vi har ein ikkje-diskriminerande politikk på tilsettingar i administrative stillingar.

## 4.C Vurdering av mislighetsrisiko

Bjørgvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Det har samstundes vorte endringar i nokre rutinar grunna nye system i det nye rettssubjektet, som må følgast opp i neste fase. Vår vurdering er at transparens og tillit er hovudelementa i vår internkontroll. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg.

# V: Vurdering av framtidsutsikter

---

Kyrkja held sin posisjon som ein tradisjonell og historisk aktør i lokalsamfunnet som er synleg gjennom bygg, gudstenester og kyrkjelege handlingar. Likevel er kyrkja i stadig mindre grad rekna som ein aktuell aktør i lokalsamfunnet utover dei spesielt interesserte. Det er viktig å analysere utviklingstrekk. Det er samstundes viktig å lage strategiar og tiltak som er målretta. Til dømes vil eit tiltak for ungdom som er litt aktiv i kyrkja sjå annleis ut enn eit tiltak for ungdom som ikkje har kyrkja på radaren. Ung katedral er eit forsøk på å nå ungdom, men sjølv det tiltaket er formatert etter metodar som når ungdom som har litt relasjon til kyrkja.

I 2030 håpar vi at kvart prosti i Bergen og omland har ei Ungdomskyrkje eller felles ungdomstiltak som tør tenke heilt nytt. Som møter ungdom der ungdom er, og som ikkje er redd for å eksperimentere og drive utviklingsarbeid. At det er eit nettverk mellom desse miljø, med svært dyktige, engasjerte medarbeidarar i kategorien prest, diakon og muskar. Sokna i prostiet har saman med fellesråd og bispedømeråd omprioritert ressursane slik at til dømes 20 prosent av tilsette ressursar vert nytta til denne typen utviklings arbeid. Det er systematikk på utvikling av frivillighetskultur og involvering av ungdom, slik at arbeidet veks nedanfrå. Dei tilsette har kompetanse på kaosleiing og «oppvaskteologi» (deltaking i alle delar av arbeidet, tilrettelegging og totalforkynning). Dette krev tøffe omprioriteringar, oppbygging av riktig kompetanse og stødighet i langsiktige strategiar.

Kyrkja som ein premissleverandør på livssynsfeltet er svakare. Tru og kristendomskunnskap vart tidlegare først og fremst overlevert til folkekyrkja gjennom skulen og sekundært gjennom kristeleg barne- og ungdomsarbeid. Dette er i stor grad falle bort og trusopplæringa kan ikkje erstatta det. Det er kanskje berre 10% av borna som er så mykje med på trusopplæring i alle årstrinn at dei får kristen sosialisering. For mange ungdomar er YouTube og sosiale medier ein viktigare livssynsarena enn kyrkja. Der kyrkja når ut med opplæring og sosialisering, er i konfirmanttida, særleg der ein etter konfirmanttida har leiartrening. Diverre viser den internasjonale undersøkelsen «Confirmation Work in Europe» at 60% av konfirmantane i Den norske kyrkja misliker gudstenester meir etter konfirmanttida enn før. (kjelde Teologisk fakultet)

Dersom ein ser på andre organisasjonar som arbeider med frivillige, er tendensen i kyrkja betre, og nedgangen mindre enn ein kunne venta. Kyrkja held stand i lokalsamfunn der mange andre tilbod og sosiale samlingsstader har forsvunne. Dette har vi sett på mange visitasar. Difor er det ikkje sikkert at kyrkja blir dårlegare om den får ein annan posisjon i samfunnet, men det vil bety endring. Den endringa må kyrkja ta imot som noko positivt. Det å drive utviklingsarbeid, må ikkje sjåast som ein trussel mot det etablerte, men som ei naudsynt satsing for å kome i dialog med ungdomsgenerasjonen (15-30). Det er ein kontinuerleg prosess som ein kvar stor organisasjon og kompetanseverksemd må prioritera.

## *Kyrkja i 2030 – kor vil vi og kor risikerer vi å hamna?*

Vi vil det same som før. Vera vesentlege for folk. Vera ei open kyrkje som rommar livet. Ei kyrkje der folk kan tilbe den treeinige Gud, forkynna Kristus, bygga kyrkjelydar og fremja rettferd.

Vi vil håpe at vi som kyrkje klarar å vere der vi trengs, og å bidra med det vi har. At evangeliet vert forkynt og sakramenta forvalta rett. Av Guds nåde, til glede og frigjering for menneska i 2030.

Det ligg ein risiko i at vi blir nærsynte som organisasjon. Til dømes at kyrkjeordnings-saka og rekrutteringsutfordringane får mykje merksemd. Det faktum at over ein tredjedel av dei som i dag er

prestar i Bjørgvin blir pensjonistar, kan føre til at både prostar og bispedømeadministrasjon vil bruka stadig meir energi på å sy saman ei forsvarleg presteteneste. For alle som arbeidar i kyrkja vil det kunne opplevast meir drastisk å mista prestar enn gudstenestedeltakarar, fordi det påverkar arbeidskvardagen. Det er kritisk om vi berre løyser dei akutte, nærliggande problemstillingane.

Den store krisa for kyrkja er jo djupast sett ikkje at vi ikkje rekrutterar ungdomar som vil bli prestar, men at vi ikkje rekrutterar ungdomar som vil vera i kyrkja og ser poenget i døypa borna sine.

Det er ein viss prosent av kyrkjeaktive ungdomar som tar kyrkjeleg utdanning. Det er difor viktig å understøtte arbeid som skaper eit ungdomsmiljø i kyrkjelyden. Det er og tydeleg at leiartrening er viktig, og må prioriterast høgt. Difor er statistikktalet «6.B.1 Leiartrening for 13-17 år» viktig for kyrkja si framtid, ved sidan av dåp og konfirmasjon. Primært er det viktig med tanke på arbeidet for å bygge gode kyrkjelydar. Dei som er regelmessig i ein kristen samanheng etter konfirmasjonen får opplæring, lærer å ta ansvar, vert med som førebilete for konfirmantar og synleggjer kyrkja som ein stad ein søker, men for nokon også som ein stad der ein kan tenkja seg å arbeida! Leiartrening er ikkje svaret åleine, men må ligge som ein del av det utviklingsarbeidet ein driv. Det kravs både at ein driv systematisk arbeid og gjev rom for nokre miljø som kan drive reelt utviklingsarbeid.

Det vil være krevjande med endringsarbeid i kyrkja, mellom anna fordi strukturane verkar konserverande? Til dømes ved at ein ikkje ser over grensene for samarbeid der det trengs, til dømes i barne- og ungdomsarbeidet. Ein vil ofte ha arbeidet i eige sokn. Det er og ein tendens til å ville gjera som ein har gjort før. Mange ynskjer at kyrkja skal vera der den er i dag, eller som i går. Kyrkja er ein tradisjonsberar. Det er ofte i spenning til å fornye, men slik treng det ikkje vere. Ein held fram med hovudgudstenestesta som samlingspunkt og brukar mykje energi på detaljar. Her må ein ta inn over seg at det er eit generasjonsskilje. Undersøkingar (KIFO Unge vaksne og Den norske kyrkje 2017:3, tabell under) viser at tilslutninga til kyrkja vert svakare til lenger ned i alder ein kjem.

Spørsmålet om kor kyrkja skal vere i 2030 handlar og om forholdet frivillige og stab. Det kan handle om økonomi, men handlar og om metodeval. Arbeider dei tilsette slik at dei fremjar ein kultur for frivillige medarbeidarar? Ein kultur der alle sin talent blir verdsatt? Systematisk med tanke på å skape fellesskap mellom dei som deltek? Det er lett at store stabar løyser alt enklast ved å gjere alt ved tilsette ressursar, men bygger det kyrkjelyd? Ein kan snu på det og seie at ein ikkje bør ha tilsette før ein har frivillige. Ein tilset folk for å gjere oppgåver som bygger vidare på ein frivilligheitskultur. Ikkje omvendt. Det er mykje arbeid med å involvere frivillige, men byggverket «kyrkjelyden» står betre med mange som har eigarforhold enn nokre få over-aktive. På kva for nokre område må ein profesjonalisere med å ha løna medarbeidarar og på kva område må ein være profesjonell på frivilligheit? I 2013 har vi i Bjørgvin gode tiltak og rutinar for oppfølging og rekruttering av tillitsvalt og frivillige medarbeidarar.

#### *Viktigaste statistikkendens nr 1: Gudstenesteframmøtet går trufast ned.*

##### **Årsak:**

1. Påfyll av nye gudstenestedeltakarar til gudstenesta i Den norske kyrkja er liten.
2. Måten å gå på gudsteneste på og å bruka kyrkja på, endrar seg.
3. Ungdom har mindre kjennskap til trua og svakare sosialisering inn i kyrkja og er kanskje som ei følge av dette mindre religiøst aktive og interesserte.
4. Dei ungdomar som er interesserte vel gjerne forsamlingar og kyrkjer med andre typar gudsteneste og fellesskap.
5. Kyrkja maktar ikkje sosialisera dei unge inn i kyrkja, fr, konfirmantundersøking, eller ein ynskjer ikkje å vera den type fellesskap som konfirmantar finn seg til rette i.

### **Viktigaste mottiltak:**

Mot sekularisering:

Å vera på den moderne livssynsarenaen, t.d. You Tube, med gode predikantar. Bli betre på apologetikk og dialog. Bygge gode diakonale fellesskap. Kyrkja er for alle og av alle ikkje berre i ord, men praksis.

Kyrkja må også kjempa mot biletet av at kyrkjene er tomme som har bitt seg fast i media og i folk som ikkje er der.

Mot lågare gudstenestedeltaking:

Ta på alvor at høgmessa og debatten om ordo er for dei få som vart sosialisert inn i kyrkja i dei gode gamle dagar, og opna opp for andre gudstenester. Konkret: Minst kvar fjerde gudsteneste bør vera av ein anna type enn høgmesse for å nå nye grupper. Vi må spørja kva folk likar å koma på. Det betyr at vi må arbeida med kvalitet i dialog med dei ein ynskjer skal koma, her er den gode intensjon om involvering ikkje reelt gjennomført. Vi må gjera gudstenesta til ein diakonal arena der folk vert sett og gitt plass.

### *Viktigaste statistikkendens 2: Dåpstala går ned.*

#### **Årsak:**

1. Svakare tilknytning til både trua og tradisjonen
2. Dåpen er ikkje blitt forkynt på ein slik måte at der blir viktig nok å døypa borna.

### **Viktigaste mottiltak:**

Styrka dåpen sitt rykte ved at alle tilsette arbeider for at dåpen skal bli flott og høgtideleg og meningsfull for dåpsforeldra. Styrka relasjonar og finna kommunikasjonskanalar som når fram. Gjera det lett å få informasjon om dåp og lett å få dåp når ein ynskjer. Då og utanom gudstenestene, og slik at praktiske ting og ulike forventningar og kostnader er hindringane. Eksperimentere med ulike former som «drop-in» eller kyrkjelydsfest osv. Forkynna dåp for konfirmantane.

### *Viktigaste satsing 2020-2030:*

1. Leiartrening for ungdom etter konfirmasjon. (rekrutteringskrise)
2. Opplæringsprogram for leke gudstenesteleiarar. (prestekrise)
3. Kompetanseutvikling for tilsette, kvalitetssikring av gudstenester, forkynning, apologetikk og diakoni (totalforkynning). (relevanskrise)

Fakta om framtida: Det er viktig å ta inn over seg dei endringar som vil koma. Når gruppa 70-80 år



fell bort, og det skjer innan 2030, er det mindre enn 2% som går på gudsteneste kvar veke

**Tabell 1. Alder og deltagelse ved gudstjenester**

	18-24	24-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-80	Alle
Hver uke eller nesten hver uke	3,7	1,4	2,0	1,0	1,5	2,7	5,3	2,1
Noen ganger i måneden	2,6	2,8	2,9	1,6	4,0	2,7	4,2	2,8
Omtrent en gang i måneden	1,9	1,4	2,0	3,4	1,9	4,4	6,3	2,9
Noen ganger i året	22,3	20,8	24,2	24,0	28,8	30,6	28,6	25,9
Sjeldnere	40,5	38,2	39,0	44,9	43,0	42,9	39,2	41,7
Aldri	29,0	35,4	30,0	25,2	20,7	16,7	16,4	24,5
Total	100	100	100	100	100	100	100	100

Kilde: TLU 2012, N = 2991, bare medlemmer av Dnk, prosent

**Tabell 2. Alder og tilhørighet**

	18-24	24-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-80	Alle
Meget sterk tilhørighet	4,6	3,5	4,7	4,7	8,5	8,8	11,1	6,4
Ganske sterk tilhørighet	12,6	12,4	16,7	24,6	30,4	33,5	34,9	24,2
Ganske svak tilhørighet	47,1	51,9	51,3	52,3	43,4	45,2	44,4	48,2
Ingen tilhørighet	28,4	25,4	23,6	14,8	13,1	8,8	7,4	16,8
Vet ikke	7,3	6,7	3,8	3,7	4,6	3,7	2,1	4,4
Total	100	100	100	100	100	100	100	100

Kilde: TLU 2012, N = 2991, bare medlemmer av Dnk, prosent

Når det gjelder tilhørighet ser vi, i Tabell 2, at de med lavest tilhørighet er de i alderen 24 til 29, altså den samme gruppen som også går minst til gudstjeneste. I Tabell 1 så vi at en del unge mellom 18 og 24 gikk ofte på gudstjeneste, men den samme aldersgruppen føler likevel ikke en sterk tilhørighet til kirken. Det er faktisk i denne gruppen at flest oppgir at de føler «ingen tilhørighet» til Den norske kirke.

### Kyrkja i byen.

I Bjørgvin ser vi klare skilnadar på by og land. Når kyrkjelydane ligg tett som i byen vil ein nå fleire ved spesialisering og samarbeid. Ulike stilar på gudstjenester og kyrkjelydsfelleskap vil kunna dra til seg folk over soknegrensene og samarbeid vil setta fleire i stand til å tilby sin ungdomar t.d. konfirmantleir og leiartrening. Men kyrkja har konserverande strukturar som motarbeider dette. Gudstjenestereforma har trass i ein verdi som stadeigengjering ikkje oppmuntra til andre stilar, t.d. lågkyrkjeleg, karismatisk, hillsong ol. Soknegrensene er ofte eit hinder for samarbeid fordi ein vil gjerne gjera noko for «sine» barnefamiljar eller ungdomar og vegrar seg for å «senda dei frå seg til nabokyrkja» sjølv om all erfaring tilseier at eit større miljø gjer det lettare med tilrettelegging resursar og fellesskap for den aktuelle gruppa. Det manglar ein overordna struktur som t.d. det gamle prestegjeldet var i byen som eit lokalt samarbeidsområde. Her kan bispedømet hjelpa til ved å skapa og oppmuntra til samarbeid og skapa felles arenaer.

Det vert arbeidd godt med diakonal satsing i Bergen. Kombinasjonen av ein kommune som ser kyrkja som ein viktig bidragsytar i bydelar med levekårsutfordringar, lokale kyrkjelydar som delfinansierer stillingar og midlar frå bispedømet. Det er også godt samarbeid med dei andre diakonale institusjonane og organisasjonane.

St Jakob Ung katedral og Barnas katedral er og to satsingsområder for å møte situasjonen i byen.

### *Endringar og mål fram mot 2020*

Det er viktig å ha planar som går ut over eit år. Bjørgvin har ein strategi og årsplan for perioden 2018-2020. Endringar tek tid, og forankring med mange involverte har vore vesentleg. Det er viktig å forankre strategiar og teikne dei litt lengre linene for å kome i betre inngrep med samspel mellom mange aktørar og for å skape gode endringsprosessar

Det er særleg økonomien og rekrutteringssituasjonen som blir meldt som dei områda som uroar både tilsette kyrkjepolitikarar. Dette gjeld både på bispedømenivå og fellesrådsnivå.

Bispedømet skal halde fram med å vere ein god og kompetent arbeidsgjevar for prestane og andre tilsette. Dette handlar om kontinuerleg arbeid med tilsetjingar, HMT og kompetanseutvikling.

Bjørgvin bispedømeråd vil løfte fram følgjande strategiske område for perioden 2018-2020:

1. Systematikk og kvalitet i det daglege arbeidet
2. Gudsteneste, ungdom og diakoni
3. Rekruttering og finansiering – langsiktig arbeid

Bispedømet sitt tyngste avtrykk ut i kyrkjelydane er i det kontinuerlege arbeidet som ein driv i kraft av å vere arbeidsgjevar for prestane. Dette er faktorarar som ein legg ekstra merke til når det ikkje fungerer; Tilsetjingar, HMT-arbeidet og kompetanseplanar. I perioden 2018-2020 vil vi vidareutvikle dette, og gå inn i tettare samspel med dei fellesråda som ønskjer det. Vi trur at fokus på systematikk og kvalitet over tid i dette arbeidet også vil løfte kvaliteten i arbeidet i kyrkjelydane innan alle fagområda. Når vi gjer dei tilsette på alle nivå stolte over eigen organisasjon, aukar felles kompetanse og det verkar rekrutterande.

Bjørgvin bispedøme vil for perioden 2018-2020, som i den føregåande perioden fortsatt halde oppe gudsteneste og ungdom som fokusområde, men vi vil også løfte opp diakoni som satsing. For perioden 2018-2020 har vi merksemd på:

- Gudsteneste – fellesskap og forkynning
- Ungdom – vekst i trua
- Diakoni – rekrutterande fellesskap

# VI: Årsrekneskapen

---

## 6.1 Leiingskommentarar

### *Innleiing*

Björgvin bispedømeråd er del av rettssubjektet Den norske kyrkja og dekkjer fylka Hordaland, og Sogn og Fjordane. Bispedømerådet er eit folkevalgt organ, valgt etter reglar fastsett av Kyrkjemøtet. Rådet sitt formål er regulert i Kyrkjelova §23: «Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremmes samarbeid mellom de enkelte menighetsråd og lokale arbeidsgrupper i bispedømmet.»

Det har blitt gjort stor innsats både frå prestar og administrativt tilsette for å gjennomføra lovpålagde oppgåver og realisera mål og strategiar som Kyrkjemøtet og bispedømerådet har vedtatt. På tross av utfordring med rekruttering har det vert forsvarleg geistleg betjening i alle sokn.

For administrasjonen har år 2018 krevd ekstra ressursar knytt til arbeidet med effektivisering av merkantile tenester. Björgvin har bidratt stort på sentralt nivå, både kva gjeld medrårerett og kva gjeld faggrupper.

### *Vurdering av vesentlege tilhøve*

Björgvin bispedømeråd har i 2018 hatt til disposisjon totalt kr 206.730.000. Rekneskapen viser eit netto forbruk på 204.197.000. Dette gir eit mindreforbruk (overskot) på kr 2.598.000.

Mindreforbruket fordelar seg på kr 1.692.000 på drift, og kr 906.000 på tilskot. Frå 2017 fekk Björgvin med seg eit mindreforbruk på kr 1.173.000. Mindreforbruket for 2018, kr 2.598.000, er forventa overført til 2019.

Pensjonskostnader vart i 2018 rekneskapsført på rettssubjektnivå (medan det i 2017 var del av tildelinga til Björgvin). Björgvin hadde også i 2018 frikjøp av hovudtillitsvald for YS (Parat), 15%, samt for Akademikerne, 10%. I 2018 vart det ikkje gjort anskaffingar som skulle bokførast til avskrivning. Det vart gjort ytterlegare avtaler med sokn om finansiering av presteteneste. I dette siste tilfellet påtar soknet seg full finansiering av stillinga, bispedømerådet står kun for forvaltning av arbeidsgjevaransvaret.

Digitale sjukemeldingar vart innført frå 01.01.18. For Björgvin er NAV-refusjonar nær kr 700.000 lågare enn budsjettet (budsjett 4.500.000, rekneskap 3.808.000). Sjukefråværet var i 2018 høgare enn i 2017, og skulle såleis tilsei høgare refusjonar. Administrasjonen har ingen god forklaring på den store nedgangen i NAV-refusjonar.

Rekneskapen for Björgvin bispedømeråd inngår i den samla rekneskapen for rettssubjektet Den norske kyrkja, og vert revidert av revisjonsfirma Ernst & Young AS.

Bergen, 25. februar 2019



Inger Helene Nordeide  
bispedømerådsleiar



Jan Ove Fjellveit  
stiftsdirektør

### Budsjettgruppe 1A

Samla tildeling i gruppe 1A – ordinær drift – er kr 148 578 000. Rekneskapen viser eit netto forbruk på kr 146 886 000. Dette gir eit mindreforbruk på kr 1 692 000. Løn viser eit meirforbruk – kr 55 000 – i høve til budsjett. Mindre NAV-refusjonar enn budsjettert – kr 700.000 – fører til meirforbruk. Mange vakanser gjer at meirforbruket ikkje vert større. Kontoklasse 7, reiser, viser eit mindreforbruk på kr 200.000. Vi legg til grunn at alle er ajour med innsending av reisekrav.

1A - Driftsregnskapet	2018		
	Regnskap	Budsjett	Avvik
Inntekter (kontoklasse 3)	-1 641	-602	1 039
Tilskudd til eksterne (kontoklasse 4)	186	-	-186
Lønn (kontoklasse 5)	135 164	135 109	-55
Drift (kontoklasse 6, 7, 8)	13 177	14 071	894
<b>Sum budsjettgruppe 1A</b>	<b>146 886</b>	<b>148 578</b>	<b>1 692</b>

### Budsjettgruppe 1B og andre tilskudd

Mindreforbruk på tilskot skuldast vakanse i fleire stillingar.

1B, 2, 3 m.fl. - Tilskudd *	2018		
	Regnskap	Budsjett	Avvik
1B Trosopplæring	41 315	41 517	202
1B Diakoni/Undervisning/Kirkemusikk m.m.	15 056	15 760	704
1B Domkirke (Oslo og Nidaros)	-	-	-
Gruppe 2 (kun KR)	-	-	-
Gruppe 3 (kun KR)	-	-	-
Annet (inkl Ovf utbet til eksterne)	940	940	-
<b>Sum budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl.</b>	<b>57 311</b>	<b>58 217</b>	<b>906</b>

### Særskilt om OVF-tilskotet

Tilskot frå Opplysningsvesenets fond (OVF) vert fordelt ut frå søknader frå sokn og organisasjonar. Ein tilstrebar å tildela midlar til tiltak som støttar opp om Bjørgvin bispedømeråd sin strategiplan.

Spesifikasjon av Ovf-midlene:	2018		
	Regnskap	Budsjett	Avvik
<b>OVF</b>			
Administrasjon			-
Diakoni	90	90	-
Barn og unge	525	525	-
Gudstjenesteliv	5	5	-
Kirkemusikk og kultur	105	105	-
Samisk kirkeliv	-	-	-
Andre fellestilltak (inkl SMM)	150	150	-
Internasjonale og økumeniske organisasjonar			-
<b>Ovf total (for rapportering til Ovf)</b>	<b>875</b>	<b>875</b>	<b>-</b>

### Risikovurdering økonomi

Den største risikoen er knytt til mangelen på presteressursar, og at vi på den måten ikkje får utført dei tenestene som er oppdraget til Den norske kyrkja. Bjørgvin opplever merkbar færre søkjarar til ledige stillingar. Dette gjeld også til stader ein har vurdert som attraktive. Vakanse i stillingar legg også

press på nærliggjande sokn, det kan skape ein dårleg spiral; eit rykte om stort arbeidspress fører til færre søkjarar.

### *Sluttord*

Den norske kyrkja har starta eit effektiviseringsarbeid. Bjørgvin bispedømeråd ser trong for ytterlegare omstilling både i rettssubjektet Den norske kyrkja, men også for heile Den norske kyrkja. Vi må samhandla betre for på den måten å få meir kyrkje for pengane. Bjørgvin vil vera med å bidra til omstilling. Ei omstilling som vert forvalta vist, som gjer kyrkja til ein attraktiv arbeidsplass, som gjev oss eit godt omdøme ungdom vil satsa på.

## Vedlegg

**Strategi – og årsplan 2018 - 2020**

**Gjennomført program for biskopen 2018**